

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato:	30.01.2018
Tid:	10:00

Program

Kl 10:00 Saksbehandling

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.



Roger Pilskog
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 2/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 27.11.2017	2018/679	
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Elevplasstal ved Stord vidaregåande skule	2016/4130	
PS 4/18	Oppdragsverksemd - organisering av ekstern kursverksemd	2017/16384	
PS 5/18	Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2018/19.	2017/17798	
PS 6/18	Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi - unntaksordning for 2018	2018/209	
PS 7/18	Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og læreandidatar	2018/381	
PS 8/18	Tilbudsstruktur vidaregåande opplæring for vaksne 2018/2019	2018/446	
PS 9/18	Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular	2016/6854	
PS 10/18	Ymse		

PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste



Arkivnr: 2018/679-1
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	2/18	30.01.2018

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 27.11.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 27.11.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato: 27.11.2017
Tidspunkt: 10:00-11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplærings sjef
Anne Sara Svendsen	Fagleiar
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar
Birthe A. Haugen	Seksjonsleiar
Nils Skavhellen	Inntaksleiar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 63/17	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 64/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.11.2017	2017/623	
PS 65/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 66/17	Justering av tilleggspoeng for musikalske ferdigheiter ved inntak til Vg1 Musikk/Dans/Drama	2016/9170	
PS 67/17	Ymse		
PS 68/17	Justering av tilbudsstrukturen 2018/19 -klassesaka	2017/16980	

PS 63/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

PS 64/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.11.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.11.2017 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.11.2017 vart tatt til orientering.

PS 65/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Det var ingen referatsaker til dette møtet.

PS 66/17 Justering av tilleggspoeng for musikalske ferdigheiter ved inntak til Vg1 Musikk/Dans/Drama

Forslag til innstilling

Ved søknad til Vg1 Musikk/Dans/Drama kan det frå skuleåret 2018/2019 gjevast tilleggspoeng etter følgjande skala:

3 poeng: Søkjaren viser god dugleik og utover gjennomsnittet.

6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen og eit stort potensiale.

9 poeng: Skal berre gjevast til søkjarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Ved søknad til Vg1 Musikk/Dans/Drama kan det frå skuleåret 2018/2019 gjevast tilleggspoeng etter følgjande skala:

3 poeng: Søkjaren viser god dugleik og utover gjennomsnittet.

6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen og eit stort potensiale.

9 poeng: Skal berre gjevast til søkjarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

PS 67/17 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Yrkesopplæringsnemnds ønskjer tilbakemelding på prosessen i samband med den planlagde samanslåinga mellom Hordaland og Sogn og fjordane.

Vara for Tom Knudsen, Linn Cecilie Moholt har skifta jobb oppnemning av ny vara må behandlast i fylkestinget.

Juleavslutning 2017 – Torbjørn Mjelstad vil sende ut e-post med aktuelle datoer.

PS 68/17 Justering av tilbodsstrukturen 2018/19 -klassesaka

Forslag til innstilling

1. Tilbudet på RM vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Sandsli vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+2	30
Sandsli vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	+1	15
Årstad vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
Årstad vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Austrheim vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	-1	-15
Åsane vgs	Vg1 Restaurant og matfag	-1	-15
Netto endring		-1	-15

Tilrettelagt tilbod – desse er utanfor ordinære klassetal

Skule	Tilbod	Gruppetal	Elevplasztal
Sandsli vgs	Tilrettelagt opplæring RM	+1	10
Årstad vgs	Tilrettelagt opplæring RM	-2	-20
Netto endring		-1	-10

2. Tilbudet på SS vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Kvinnherad vgs	Vg1 Service og samferdsel	+1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 Sal, service og tryggleik	-1	15
Netto endring		0	0

3. Tilbudet på BA vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Odda vgs	Vg2 Byggteknikk	+1	+15
Netto endring		+1	+15

4. Tilbudet på TIP vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Rubbestadnes vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Sotra vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Stord vgs	Vg2 Industriteknologi	+1	+15
Rubbestadnes vgs	Vg2 Maritime fag	-1	-15
Stord vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
Sotra vgs	Vg2 Køyretøy	-1	-15
Netto endring		+1	+15

5. Tilbudet på EL vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Austrheim vgs	Vg3 Automatisering	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Data og elektronikk	+1	+15
Askøy vgs	Vg2 Elektrofag	-1	-15
Stord vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Sotra vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Slåtthaug vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Årstad vgs	Vg1 Elektrofag	-1	-15
Stord vgs	Vg1 Studieføreb. elektrofag	+1	+15
Netto endring		-2	-30

6. Tilbudet på HO vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Nordahl Grieg vgs	Vg2 Studieførebuande Helse og oppvekstfag	+1	+30
Knarvik vgs	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget	+1	+15
Olsvikåsen vgs	Vg1 Studieførebuande Helse og oppvekstfag	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Velsklingsmodell Ho Vg1	-2	-15
Netto endring		+1	+45

7. Tilbudet på NA vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss vgs	Vg3 Landbruk	+1	+15
Netto		+1	+15

8. Tilbudet på DH vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fitjar vgs	Vg2 Interiør og utstillingsdesign	+1	+15
Årstad vgs	Vg2 Design og tekstil	-1	-15
Netto endring		0	0

9. Tilbudet på ME/MK vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Stord vgs	Vg3 Media og kommunikasjon	+1	+30
Laksevåg vgs.	Vg1 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg2 Media og kommunikasjon	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Nordahl Grieg vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Arna vgs	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Voss gymnas	Vg3 Media og kommunikasjon (y-fag)	-1	-15
Netto endring		-2	0

10. Tilbudet på KDA/ST-FO vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Knarvik vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Formgjevingsfag	-1	-30
Voss gymnas	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Fusa vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Olsvikåsen vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Årstad vgs	Vg3 Kunst design og arkitektur	+1	+30
Netto endring		+1	+30

11. Tilbudet på ST vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedralskole	Vg2 Studiespesialiserande	+2	+60
Bergen katedralskole	Vg3 Studiespesialiserande	+3	+90
Laksevåg vgs	Vg1 Studiespesialiserande	-2	-60
Laksevåg vgs	Vg2 Studiespesialiserande	-3	-90
Laksevåg vgs	Vg3 Studiespesialiserande	-3	-90
Netto endring		-3	-90

12. Tilrettelagte tilbud på ST og HO for minoritetsspråklege og innføringstilbod for minoritetsspråklege vert endra slik:

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen katedralskole	Vg1 Studiespes. for min.språklege	-1	-15
Fyllingsdalen vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-2	-30
Åsane vgs	Vg1 Helse og oppvekstfag for min.språklege	-1	-15
Bergen katedralskole	Innføringstilbod	-1	-15
Netto endring		-5	-75

13. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje ned/opprette innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behovet fram til 1. september 2018.
14. I justeringsaka i mai 2018 vert talet på ordinære klassar redusert med minst 5 eller slik at samla innsparing vert minst 7 mill. kroner i 2018.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.11.2017

Yrkesopplæringsnemnda fikk utdelt tilsendte e-post med innspel til saka desse var frå:

Henning T. Lystad på vegne av rederiene i SURF
Inge Jarle Austestad daglig leder Maritimt opplæringskontor Sør/Vest Norge
Astrid Haugland rektor Stord vgs
Rolf A. Haugstvedt rektor Årstad vgs

Tom Knudsen og Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av NHO/LO:

1. Yrkesopplæringsnemnda (Y-nemnda) slutter seg i hovedsak til rådmannens innstilling.
2. Y-nemnda ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planleggingen av tilbudsstrukturen i forhold til arbeidslivets dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtaler mellom skole og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenteres tilstrekkelig og flere læreplasser enn klassesaken har oversikt på, da må klasser startes opp i tråd med behovet. Det vises i denne forbindelse bl.a. til henvendelse fra næringslivet i Sunnhordland vedrørende nedleggelse av 1 klasse Vg2 Kjøretøy, Stord vgs. Subsidiært bør det her opprettes en ½ klasse slik at tilbudet er søkbart og at det kan dokumenteres læreplass, samt nedleggelse av 1 klasse Vg2 Maritime fag (tilbudet er søkbart), Rubbestadneset vgs. (det vises også til brev fra Skipsfartens Utdannings og Rekrutteringsforum SURF datert 27.11.17).
3. Y-nemnda ber om at arbeid med informasjon om yrkesvalg, spesielt der hvor finnes tilgjengelige læreplasser, intensiveres.
4. Y-nemnda ber om at arbeidet med å koble skoler og lærebedrifter/opplæringskontor med intensjonsavtaler om læreplass intensiveres. Dette vil gi større forutsigbarhet, samt bedre beslutningsgrunnlag for hvilke skoler linjene skal legges til.
5. Y-nemnda vi vise til tidligere vedtak i Y-nemnda vedrørende Anleggsgartnerfaget hvor arbeidslivet har ber om at dette legges også til Stend vgs.
6. Y-nemnda ber om at eventuelle innsparinger ved nedleggelse av klasser også prioriteres til å sikre elevenes gjennomføring, samt yrkesveiledning til elever mot fag hvor det finnes tilgjengelige læreplasser og etterspørsel i arbeidslivet.

Røysting:

Knudsen og Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

1. Yrkesopplæringsnemnda (Y-nemnda) slutter seg i hovedsak til rådmannens innstilling.
2. Y-nemnda ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planleggingen av tilbudsstrukturen i forhold til arbeidslivets dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtaler mellom skole og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenteres tilstrekkelig og flere læreplasser enn klassesaken har oversikt på, da må klasser startes opp i tråd med behovet. Det vises i denne forbindelse bl.a. til henvendelse fra næringslivet i Sunnhordland vedrørende nedleggelse av 1 klasse Vg2 Kjøretøy, Stord vgs. Subsidiært bør det her opprettes en ½ klasse slik at tilbudet er søkbart og at det kan dokumenteres læreplass, samt nedleggelse av 1 klasse Vg2 Maritime fag (tilbudet er søkbart), Rubbestadneset vgs. (det vises også til brev fra Skipsfartens Utdannings og Rekrutteringsforum SURF datert 27.11.17).
3. Y-nemnda ber om at arbeid med informasjon om yrkesvalg, spesielt der hvor finnes tilgjengelige læreplasser, intensiveres.

4. Y-nemnda ber om at arbeidet med å koble skoler og lærebedrifter/opplæringskontor med intensjonsavtaler om læreplass intensiveres. Dette vil gi større forutsigbarhet, samt bedre beslutningsgrunnlag for hvilke skoler linjene skal legges til.
5. Y-nemnda vil vise til tidligere vedtak i Y-nemnda vedrørende Anleggsgartnerfaget hvor arbeidslivet har ber om at dette legges også til Stend vgs.
6. Y-nemnda ber om at eventuelle innsparinger ved nedleggelse av klasser også prioriteres til å sikre elevenes gjennomføring, samt yrkesveiledning til elever mot fag hvor det finnes tilgjengelige læreplasser og etterspørsel i arbeidslivet.

PS 3/18 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 17.01.2018
Arkivsak: 2016/4130-35
Saksbehandlar: birhau

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Elevplasstal ved Stord vidaregåande skule

I framlegg til Skulebruksplan (SBP 2016) var det foreslått å leggje ned Rubbestadnes vgs, medan Bømlo vgs skulle bestå. Bømlo vgs var i framlegget dimensjonert med tilbod innanfor utdanningsprogramma studiespesialiserande (ST) og helse og oppvekst (HO). Rubbestadnes vgs tilbyr i dag utdanningsprogramma elektro (EL) og teknikk og industriell produksjon (TIP), og desse tilboda var i framlegget til SBP 2016 lagt til Stord vgs.

Under handsaminga av SBP 2016 i fylkestinget i oktober 2016 vart det vedteke at Bømlo og Rubbestadnes vgs vert slått saman til ein skule, som skal heite Bømlo vgs. Den nye skulen skal vere lokalisert på Bremnes. Nye Bømlo vgs er planlagt ferdig i 2022.

Nye Bømlo vgs skal tilby utdanningsprogramma ST, HO, EL, TIP og naturbruk (NA), totalt elevplasstal vart sett til 450. Opprettinga av EL og TIP ved nye Bømlo vgs førte ikkje til at dimensjoneringa av desse utdanningsprogramma ved Stord vgs vart redusert.

Tabellen under syner vedteken dimensjonering ved Stord vgs og Bømlo vgs.

SKULE	Elevtal 2017/18	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST	
Stord vgs	833	35	62	60		150					45	120	30	90	90	90		360	1 132
Rubbestadnes vgs	138																		
Bømlo vgs	269					60	90	60			60							180	450
	1 240	35	62	60	0	210	90	60	0	45	180	30	90	90	90	-	540	1 582	

I framlegg til SBP 2016 vart det argumentert med at elevgrunnlaget ikkje er stort nok til å vidareføre fire skular i region Sunnhordland. Mange av klassane har få elevar, og fleire av dagens skular har elevtal under minstenorma.

Dimensjoneringa slik den vart vedteke i Skulebruksplanen i 2012 for Bømlo/Rubbestadnes vgs, Fitjar vgs og Stord vgs vil i 2030 gje ein overkapasitet på meir enn 320 elevplassar i regionen. I framlegg til SBP 2016 vart elevplasstalet redusert med 255 plassar. Vedtaket i SBP 2016 om oppretting av TIP, EL og NA ved

nye Bømlo vgs aukar elevplasstalet i regionen med 180, slik at det no er om lag 245 elevplassar for mykje i regionen.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dette ikkje er ein ønska konsekvens av vedtaket og reduserer difor elevplasstalet på Stord vgs med 30 elevplassar på EL og 30 elevplassar på TIP. Årsaka til at det berre vert lagt til grunn ein reduksjon på totalt 60 plassar, sjølv om det er oppretta 120 elevplassar ved desse utdanningsprogramma ved nye Bømlo vgs, er forma på tilbudet som er vedteke oppretta på Bømlo vgs. I vedtaket vart det bestemt at det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved Bømlo vgs. Målet med pilotprosjektet er å styrkje samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a. opplæring som krev kostbare investeringar i verkstader og bygg innan yrkesfag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. I dialogen kring innhaldet i bestillinga går det fram at ein slik modell gjerne vil gje elevane eit 4-årig løp med kombinasjon av skule og yrkespraksis, på same måte som elevar i vekslingsmodellen har, i staden for hovudmodellen med 2 år i skule og 2 år i lære.

Vidare vart det vedteke at det på sikt skal opprettast eit tilbod innan NA i regionen. Tilbodet vart dimensjonert med 60 elevplassar. NA finst ikkje i regionen i dag, og det er usikkert når dette tilbodet startar opp. Fylkesrådmannen vil kome attende til konsekvensar for elevplasstal ved neste rullering av SBP.

Nye befolkningsprognosar frå SSB styrkjer forventinga om at elevplasstalet i regionen er for høgt. Desse prognosane syner at det er venta at talet på 16 -18 åringar vert noko lågare (i snitt 50 ungdomar pr år) enn det som er lagt til grunn i SBP 2016. Pr i dag er det om lag 1630 16-18 åringar i regionen. Det er venta at dette talet fell utover i perioden før det igjen stig og kjem opp på dagens nivå i 2028; deretter vil talet på 16 -18 åringar falle igjen.

I følge SBP 2016 skal Stord vgs avdeling Vabakkjen rehabiliterast og utvidast noko i 2022. Kartlegging av areala på Vabakkjen starta som planlagt opp hausten 2017. Programmeringsarbeidet for rehabilitering av Vabakkjen startar opp primo 2018. Fylkesrådmannen vil i dette arbeidet legge til grunn at Stord vgs skal ha totalt 1072 elevplassar fordelt på utdanningsprogramma bygg og anlegg (BA), EL, service og samferdsel (SS), TIP, påbygg (PB), media og kommunikasjon (ME), musikk, dans og drama (MD), idrettsfag (ID) og ST, slik tabellen under viser.

SKULE	Elevtal 2017/18			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar 2030		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST			
Stord vgs	833	35	62	60		120					45	90	30	90	90	90		360	1 072	
Rubbestad nes vgs	138																			
Bømlo vgs	269					60	90	60				60						180	450	
	1 240	35	62	60	0	180	90	60	0	45	150	30	90	90	90	-	540	1 522		



Arkivnr: 2017/16384-1
Saksbehandlar: Cathrine Øvredal Mellingen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	4/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Oppdragsverksemd - organisering av ekstern kursverksemd**Samandrag**

I budsjettvedtaket i desember 2013 (FT sak 63/13) kom følgjande bestilling frå fylkestinget:

«Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de videregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de videregående skolenes oppdragsvirksomhet.»

Etter at bestillinga vart fremja vart det i fylkestinget i juni 2014 (FT sak 90/2014) vedtatt ei øvre grense for kor mykje den enkelte skule kan avsetje til fond. Grensa for avsetjing til fond på den enkelte skule vart sett til 5% av skulen sitt reviderte driftsbudsjett, med unntak av dei små skulane, som kan få avsetje opp til 0,75 promille av totalt revidert skulebudsjett. For 2016 var det om lag kr. 1,8 mill. I budsjettvedtaket for 2018 (FT sak 105/2017) kom det ei ytterlegare avgrensing på fondsavsetjingane. Det vart då vedtatt at fondsavsetjing på skulane, som presentert, berre blir gjennomført dersom opplæringssektoren er i balanse ved årsoppgjeret.

Denne saka legg som premiss at desse to vedtaka står fast. Vidare er saka avgrensa til å gjelde organisering av oppdragsverksemd slik som bestilt i fylkestingsvedtaket over.

Saka gjer greie for korleis oppdragsverksemda er organisert på både dei vidaregåande skulane og fagskulen. Som grunnlag for saka har administrasjonen vore i kontakt med skulane som har oppdragsverksemd. Andre fylkeskommunar er også kontakta for å bli kjent med deira organisering av tilsvarande aktivitet.

Økonomi: Skulane kan gjennom oppdragsverksemd ha inntenningspotensiale som t.d. kan nyttast til innkjøp av utstyr.

Klima: Ingen effekt.

Folkehelse: Ingen effekt.

Regional planstrategi: Oppdragsverksemd kan bidra til betre samhandling med lokalt arbeidsliv, blant anna auka kompetanse.

Forslag til innstilling

1. Dagens organisering av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert vidareført.
2. Rutinane for gjennomføring og oppfølging av oppdragsverksemda ved dei vidaregåande skulane og fagskulen vert oppdatert.
3. Fylkestinget ønskjer ein ny gjennomgang av organisering av oppdragsverksemda på dei vidaregåande skulane og fagskulane etter at Hordaland og Sogn og Fjordane er slått saman.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2018

I budsjettvedtaket i desember 2013 (FT sak 63/13) kom følgjande bestilling frå fylkestinget:

«Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de videregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de videregående skolenes oppdragsvirksomhet.»

Etter at bestillinga vart fremja vart det i FT 90/2014 vedtatt ei øvre grense for kor mykje den enkelte skule kan avsetje til fond. Grensa for avsetjing til fond på den enkelte skule vart sett til 5% av skulen sitt reviderte driftsbudsjett, med unntak av dei små skulane som kan få avsetje opp til 0,75 promille av totalt revidert skulebudsjett. For 2016 var det om lag kr. 1,8 mill. I budsjettvedtaket for 2018 (FT sak 105/2017) kom det ei ytterlegare avgrensing på fondsavsetjingane. Det vart då vedtatt at fondsavsetjing på skulane, som presentert, berre blir gjennomført dersom opplæringssektoren er i balanse ved årsoppgjeret.

Denne saka legg som premiss at desse to vedtaka står fast. Vidare er saka avgrensa til å gjelde organisering av oppdragsverksemd slik som bestilt i fylkestingsvedtaket over.

Saka gjer greie for korleis oppdragsverksemda er organisert på både dei vidaregåande skulane og fagskulen. Som grunnlag for saka har administrasjonen vore i kontakt med skulane som har oppdragsverksemd. Andre fylkeskommunar er også kontakta for å bli kjent med deira organisering av tilsvarande aktivitet.

Kva er oppdragsverksemd

Oppdragsverksemd er opplæring som ligg utanfor oppdraget i opplæringslova, og som dei vidaregåande skulane og fagskulen har ei inntekt på. I rettleiaren¹ til HFK er dette presisert som aktivitetar der skulane sel varer/tenester i konkurranse med andre aktørar og der aktiviteten er av kommersiell karakter. Aktivitetar som er knytt til oppdragsverksemd, skal resultere i ei inntekt, etter at alle kostnadene for aktiviteten er ført.

Nyleg har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av forretningsdrifta til skulane. (Forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2). Eit viktig skilje mellom oppdragsverksemd og forretningsdrift er at forretningsdrift, slik det er presentert i forvaltningsrevisjonen, har ein breiare definisjon enn oppdragsverksemd og vil inkludere t.d. elevarbeid. Elevarbeid er ein del av det ordinære undervisningsarbeidet på skulane og er difor ikkje ein del av oppdragsverksemda jf. definisjonen over.

Presentasjon av dagens situasjon

Dei vidaregåande skulane i Hordaland driv med ulike former for oppdragsverksemd, til dømes arbeidsmarknadskurs, sertifikatgjevande kurs og kurs for praksiskandidatar. Av skulane som har oppdragsverksemd, nyttar dei fleste skulen sine lokale for å drifte tilboda, men det er ulik praksis på skulane om dei nyttar eksterne eller internt tilsette for å gjennomføre kursa.

Rekneskapan for 2017 viser at 17 vidaregåande skular og fagskulen har oppdragsverksemd. Rekneskapan for dei siste åra viser at oppdragsverksemda har gitt eit positivt nettoresultatet på 6 - 10 mill. kr pr år. Tabell 1 syner at omsetninga (salsinntekt, refusjon for utlegg til andre) oppdragsverksemda har hatt i åra 2012-2016 har vore mellom 30 og 38 mill. kr. Førebels tal for 2017 viser at det er venta eit nettoresultat på om lag 6,5 mill. pr. 31.des².

¹ Rettleiar: «Råd og praktiske opplysningar i samband med føring av rekneskapan»

² Rekneskapan for 2017 pr. 31.12.17, dette var ikkje avslutta på gitt tidspunkt.

År	2 012	2 013	2 014	2 015	2 016
Omsetning	-33 992	-38 359	-33 975	-30 989	-33 686

Tabell 1

Det ligg føre retningslinjer for korleis skulane skal følgje opp oppdragsverksemd med føringar i rekneskapen. Retningslinjene vart sendt ut samtidig som det skjedde endring i rekneskapsforskrifta om noteopplysningar. I retningslinjene blir skulane bedne om å skrive årleg rapport for status på oppdragsverksemda, kva skulen har gjennomført av oppdragsverksemd og dessutan rekneskap for verksemda. I rutinen er det eit krav om at alle kostnader som er knytt til oppdragsverksemd, skal førast på eigen stad i skulens rekneskap. Administrasjonen ser at rutinane for rapportering av oppdragsverksemda ikkje har vore gjennomført i praksis, men det blir laga noteopplysing frå administrasjonen med årsoppgjeret.

I dagens organisering av oppdragsverksemda vert resultatet av oppdragsverksemda ein del av skulen sitt totale resultat ved årsslutt. Dette betyr i praksis at dersom skulen har hatt eit overskot på oppdragsverksemda, vil overskotet bli ei inntekt som går inn i skulen sitt totale driftsresultat. Dersom skulen går i balanse i ordinær drift, og opplæringssektoren er i balanse, vil skulen kunne setje av overskotet til fond etter fastsette vedtak.

Det er den enkelte skulen som organiserer eiga oppdragsverksemd med både forarbeid (t.d. anbod), gjennomføring og etterarbeid, inkludert administrative oppgåver. Når skulane legg inn anbod, skal skulane kalkulere alle utgifter til oppdragsverksemda. Det er viktig for å sikre at HFK ikkje driv med kryss-subsidiering der offentlege midlar blir nytta til å finansiere konkurranseutsett verksemd. Eit døme på kryss-subsidiering kan vere at skulens lokale vert nytta til kurs, men at skulen ikkje har teke med kostnader til t.d. lokalleige i anbudet. Det gjev ein totalpris som er for låg og medfører at ein ikkje konkurrerer på like premissar med andre verksemdar.

Arbeidet med å ha oppdragsverksemd krev at skulane er engasjerte og tar initiativ for å gjennomføre det arbeidet som slik aktivitet krev. Dei vidaregåande skulane og fagskulen som driv med oppdragsverksemd nemner ulike fordelar med å drive med oppdragsverksemd i tillegg til den ordinære opplæringa. Fleire av skulane ser på oppdragsverksemda som eit samfunnsoppdrag som sikrar utvikling av kompetanse både på skulen og i samfunnet. Oppdragsverksemda byggjer opp under skulane sine mål om å vere møteplass for fagleg kompetanseutvikling. Skulane ser og at aktiviteten som oppdragsverksemda gjev, gjer at skulane får meir kontakt med næringslivet. Skulane melder at dette kan bidra til at fleire elevar får læreplass og/eller praksisplass.

For dei tilsette er variasjonen i arbeidsoppgåver som oppdragsverksemda medfører, positiv. Skulane melder at dette er med å gjere skulen til ein meir attraktiv arbeidsplass.

Det er også økonomiske fordelar med oppdragsverksemda. Skulane får eit inntektspotensiale utover dei fastsette budsjetttrammene frå fylket. Desse inntektene kan gje skulane moglegheit til å kjøpe inn t.d. utstyr som kan kome elevane til gode.

Samstundes melder skulane om ulike utfordringar med å drive med oppdragsverksemd. Det blir meldt at det er varierende etterspørsel etter kurs. Ei viktig årsak til det er konjunktursvingingar i næringslivet. Skulane opplever dette som utfordrande, då dette gjev lite føreseieleg omfang, og det vert vanskeleg å planlegge oppdragsverksemda.

Andre utfordringar som skulane nemner, er gjennomføring av anbudsrundar og arbeidet med å skilje oppdragsverksemda frå ordinær drift i rekneskapen.

Moglege organiseringsformer

Administrasjonen har kontakta andre fylkeskommunar med tanke på korleis dei organiserer ekstern kursverksemd. Det har kome få tilbakemeldingar frå fylka. Administrasjonen har supplert med å hente informasjon frå fylkeskommunane sine nettstader. Fylkeskommunane organiserer oppdragsverksemda ulikt. Den største forskjellen er at i fleire andre fylke blir vaksenopplæring og oppdragsverksemd organisert saman i eit ressurscenter. I Hordaland er vaksenopplæring organisert med fem regionsenter for vaksenopplæring. I denne saka har vi lagt som premiss at HFK skal vidareføre dagens organisering av vaksenopplæringa.

Rogaland fylkeskommune har valt å organisere det meste av oppdragsverksemda som ei eiga stifting³. Stiftinga er oppretta av fylkeskommunen, og fleirtalet i styret vert utnemnd frå fylkestinget. I ei slik organisering vil alt det administrative arbeidet og organisering av oppdragsverksemda vere skild ut frå den ordinære drifta ved skulane. Organiseringa gjev alle skulane lik tilgang til kompetanse og oppfølging ved gjennomføring av oppdragsverksemd. Ved organiseringa av stiftinga i Rogaland blei det gjort avtalar slik at skulane vil få ein gitt del av overskotet på kvart enkelt oppdrag på eigen konto i stiftinga. Den enkelte skule kan søkje stiftinga om å nytte overskotet til kjøp av utstyr. Ved organisering av oppdragsverksemd gjennom ei stifting er det stiftinga som har det økonomiske ansvaret.

Den andre utbreidde organiseringsforma som finst, er å opprette ressurscenter/oppdragsverksemd på den enkelte skule, slik som Hordaland har i dag. Her er det den enkelte skule som er økonomisk ansvarleg for drifta av oppdragsverksemda. I denne modellen kan skulen nytte overskot som dei sjølv ønskjer det med eventuell avsetjing til fond etter fastsette reglar/vedtak. Ved ei slik organisering er det skulen som sjølv må utarbeide anbod og stå for alt administrativt arbeid som kursa vil medføre. Dette krev at skulane som driv med oppdragsverksemd, har kompetansen til å utføre alt arbeidet ved oppdragsverksemd på eigen skule, og at det ligg føre gode rutinar og retningslinjer for korleis skulen skal gjennomføre dei ulike oppgåvene.

Drøfting av organiseringa

Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå andre fylke blir moglege måtar å organisere på vurdert ut frå dei to alternativa eiga stifting eller ressurscenter/oppdragsverksemd på den enkelte skule, slik det er presentert i avsnitta over.

Kompetanse og lik gjennomføring

Ved å opprette ein stifting vil det vere mogleg å byggje opp kompetanse innanfor gjennomføring av anbod og organisering av kurs. Alle skulane vil ha lik tilgang til hjelp med dei administrative oppgåvene. Kompetansen som ei stifting vil sitje på, vil vere administrativ og i stor grad omhandle korleis administrativ gjennomføringskompetanse for oppdragsverksemd kan nyttast. Organisering av oppdragsverksemd i ei stifting vil i tillegg til å kunne sikre at alle skulane har tilgang til lik kompetanse for generell gjennomføring av oppdragsverksemd, også kunne sikre at alle gjennomfører likt.

Viss oppdragsverksemda vert organisert på kvar enkelt skule, vil det i større grad sikre at fagkompetansen er til stades, då arbeidet vil vere nær dei som skal gjennomføre. Samstundes er det viktig at det i ei slik organisering ligg føre tydelege retningslinjer slik at ein behandlar oppdragsverksemda likt administrativt på dei ulike skulane. Dette vil innebere at alle er kjent med skiljet mellom den ordinære opplæringa og oppdragsverksemda. Ved gode retningslinjer som alle er kjende med, vil ein sikre lik gjennomføring på tvers av skulane, sjølv om det er skulane som gjer arbeidet. Ved ei slik organisering vil det vere fylkesadministrasjonen som må lage/revidere retningslinjer og sikre oppfølging av rutinane.

³ Informasjonen er henta frå rofk.no og rkk.no

Rekneskap

Ved organisering i stifting vil ein tydelegare kunne skilje ut oppdragsverksemda frå den enkelte skulen sin rekneskap. I ei slik organisering vil alle rekneskapar som høyrer til oppdragsverksemda bli ført i rekneskapen til stiftinga, med høve til å skilje mellom dei ulike skulane og med eige skilje mot kostnader til drifta av stiftinga.

Dersom ein organiserer oppdragsverksemda på kvar enkelt skule, må det vere tydelege retningslinjer som spesifiserer skilje mellom kva skulen skal føre på oppdragsverksemda og kva som er ordinær skuledrift i rekneskapen. Med gode retningslinjer vil ein kunne skilje ut denne drifta tydeleg innanfor skulane sine eigne rekneskapar på tilsvarande måte som ein ville gjort ved å opprette ei stifting.

Det er i Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer forklart korleis skulane skal sikre at det blir vist faktiske kostnader til oppdragsverksemd innanfor skulane sine rekneskapar og slik sikre at det ikkje skjer kryss-subsidiering. Retningslinjene har ikkje vore reviderte dei siste åra, og det er grunnlag for å gjere desse tydelegare for betre å sikre eit riktig og likt grunnlag på tvers av skulane i framtida.

Økonomi

Ei stifting vil generere kostnader knytt til tilsette og drift. Med dagens omfang av oppdragsverksemda, som gjev eit nettoresultat på i underkant av 10 mill. kroner, er det grunn for å rekne med at ein vesentleg del av desse midlane ville gått til drift av stiftinga og ikkje tilbake til skulane slik som dei gjer i dag. Mogleg konsekvens av å opprette ei stifting kan vere eit redusert inntektspotensiale for skulane.

I dagens organisering, der skulane sjølv er økonomisk ansvarleg for oppdragsverksemda, er det tydeleg frå fleire at inntektspotensiale og etterspørsel etter oppdragsverksemda er varierende som følgje av konjunktursvingingar. Dette viser at skulane ikkje kan planlegge ordinær drift med forventning om at nettoresultatet frå oppdragsverksemda skal kunne dekkje delar av den ordinære drifta. Kravet om at oppdragsverksemd skal gå med overskot, gjer at skulane heller ikkje set av ressursar til denne aktiviteten. Derimot kan inntekter frå oppdragsverksemda vere med på å gje høve til å gjere enkeltinvesteringar på dei ulike skulane. Dette er nemnt som ein av fordelane med å drive oppdragsverksemd frå skulane.

Som følgje av kostnader som ei stifting vil binde og krevje frå skulane, vil skulane kunne oppleve at inntektspotensialet for oppdragsverksemd vil bli lågare enn i dagens organisering. I den samanheng kan det stillast spørsmål ved om dette vil vere med å gje skulane færre insentiv til å drive med oppdragsverksemd.

Kontakten med næringslivet

Å opprette ei stifting vil medføre omorganisering av arbeidsoppgåver. Ei av desse oppgåvene er kommunikasjonen med næringslivet ved oppretting av ulike typar oppdragsverksemd. I dag skjer mykje av denne kommunikasjonen direkte med skulane, medan det ved organisering gjennom stifting vil vere meir av denne kommunikasjonen som skjer med stiftinga.

Tilbakemeldingar frå fleire av skulane er at kontakten som skulane får med næringslivet gjennom oppdragsverksemd, er verdifull og kan vere med å sikre fleire av elevane både praksis og læreplassar utanfor skulen. Ved å organisere oppdragsverksemda som ei stifting vil mykje av kontakten med næringslivet skje gjennom stiftinga i staden for den enkelte skule. Dette kan vere med å redusere nærleiken som i dag finst mellom skulane og næringslivet i eigen region.

Uavhengig av organisering vil skulane framleis vere dei som gjennomfører t.d. kurs, og såleis vere ein møteplass for kompetanseutvikling.

Satsing på oppdragsverksemd

HFK har ikkje fram til no hatt noko stor satsing på oppdragsverksemd. Omsetninga har dei siste åra vore rimeleg jamn, rett nok med nokre konjunktursvingingar mellom anna innan oljenæringa. I

tidlegare år dreiv Bergen maritime vgs oppdragsverksemd med mange kurs. Skulen hadde ein jamn og høg etterspørsel etter kurs frå næringslivet. Dette har endra seg etter nedgangen spesielt i oljenæringa.

Oppdragsverksemd er aktivitetar som skulane har gjennomført ved å nytte tilgjengeleg kapasitet. Dersom ein skal satse meir på oppdragsverksemd, vil dette krevje dedikerte ressursar. Dersom det er ønskjeleg med auka aktivitet, kan det vere naturleg å organisere verksemda på ein annan måte enn i dag.

I 2020 blir Hordaland og Sogn og Fjordane eitt fylke. Sogn og Fjordane har tilsvarande organisering av oppdragsverksemda som Hordaland. Det vil seie at aktiviteten blir styrt frå den enkelte skule. Skal det skje ei endring av organisering, kan det vere grunnlag for å sjå nærmare på dette etter at dei to fylka er slått saman. Dette kan vere føremålstenleg ettersom ei omorganisering vil krevje tid og ressursar for å kunne gjennomførast.

Revidering av retningslinjer og rutinar

Det er behov for ei revidering av retningslinjer og rutinar for oppdragsverksemd som ligg føre, mellom anna for å sikre at HFK har eit skilje mellom kostnader som høyrer til den ordinære opplæringa i skule og oppdragsverksemda. Tilsvarande konklusjon er og fremja i forvaltningsrevisjonen om forretningsdrift.

Dei reviderte rutinar må innehalde informasjon om korleis oppdragsverksemda skal følgjast opp og sikre at det ikkje skjer kryss-subsidiering. Samstundes må fylkesadministrasjonen utarbeide tydelege rutinar for å sikre at oppdragsverksemda blir behandla likt på alle skulane, og at det blir ei felles forståing om kva som er oppdragsverksemd. I tillegg må administrasjonen sikre at rutinar blir oppretthaldne og t.d. følgje opp aktiviteten gjennom årlege rapporteringar frå skulane.

Konklusjon

Dagens organisering av oppdragsverksemd sikrar at HFK held seg innanfor regelverket, men administrasjonen må gjere ei revidering av retningslinjer og rutinar. Dette er i tråd med tilrådingane frå forvaltningsrevisjon om forretningsdrift ved dei vidaregåande skulane del 2.

Det kan vere fordelar med å endre organisering, men sett i samanheng med størrelsen på aktiviteten kan dette vere kostbart, og det vil binde ressursar i årsverk og driftskostnader. Sogn og Fjordane har tilsvarande organisering som Hordaland, og det kan vere føremålstenleg å sjå på ei eventuell endring av organiseringa når dei to fylka er slått saman.



Arkivnr: 2017/17798-1
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	5/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018

Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2018/19.**Samandrag**

Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for undervisningspersonale, skuleleirarar, andre tilsette og aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går frå 2016 til 2020, og planen vert rullert årleg.

Økonomi: Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien og tildelt økonomi som ligg for perioden. Nokre av tiltaka i planen er heilt eller delvis finansiert av statlege midlar. I 2018/19 er det lagt inn aktivitet til vidareutdanning gjennom den statlege strategien Yrkesfaglærarløftet, noko som fører til at midlane til vidareutdanning er høgare enn tidlegare år.

Klima: Ingen målbar effekt

Folkehelse: Ingen målbar effekt

Regional planstrategi: Kompetanseutvikling av lærarar, andre tilsette i skulen samt aktørane i fag - og yrkesopplæringa.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2018/19. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	1 200 000
Etterutdanning	
Fagnettverk	5 000 000
Andre nettverk	1 500 000
Anna etterutdanning	
Lærarar	1 900 000
Skuleleiing	950 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	100 000
Vidareutdanning	
Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar	24 375 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.12.2017

Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for undervisningspersonale, skuleleirarar, andre tilsette og aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går frå 2016 til 2020, og planen vert rullert årleg.

Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien og tildelt økonomi som ligg for perioden. Nokre av tiltaka i planen er heilt eller delvis finansiert av statlege midlar. I 2018/19 er det lagt inn aktivitet til vidareutdanning gjennom den statlege strategien Yrkesfaglærarløftet, noko som fører til at midlane til vidareutdanning er høgare enn tidlegare år.

Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020

Tiltak 2018/19



Innhold

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020	3
1. Innleiing	3
1.1 Kort om planen.....	3
2. Nasjonale og lokale føringar	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Lokale føringar	4
3. Strategi for kompetanseutvikling.....	5
3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging.	5
3.2 Skulebasert kompetanseutvikling	5
3.3 Etterutdanning	5
3.4 Vidareutdanning.....	6
4. Kompetanseutviklingsområder	6
4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder	6
4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse.....	7
4.3 Leiing	8
4.4 Samarbeid skule/bedrift	8
4.5 Oppfølging av nytilsette	8
4.6 Interkulturell kompetanse.....	8
4.7 Rådgiving	9
4.8 Spesialpedagogisk kompetanse	9
4.9 Skulebibliotekenesta	9
Kapittel 2 Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19	10
5. Tiltak	10
5.1 Skulebasert kompetanseutvikling	10
5.2 Etterutdanning	10
5.3 Vidareutdanning.....	11
6. Finansiering 2018/19	11

Plan for kompetanseutvikling

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020

1. Innleiing

Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæring i åra som kjem. Strategisk plan blir utarbeidd for ein periode på fire år. Planen skal rullerast kvart år og det skal utarbeidast årlege tiltaksplanar og budsjett som viser prioriteringar i lys av føringar i den overordna strategien og økonomiske rammer.

Opplæringslova seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigar, har ansvar for å ha rett og naudsynt kompetanse på skulen: § 10-8 Kompetanseutvikling:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Ansvarer tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og har som formål å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbedring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområder og strategiar for ein langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidretta kompetanse.

Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg faglig og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

1.1 Kort om planen

Målgrupper: Lærarar/instruktørar, skuleleiarar, faglege leiarar (bedrift), rådgjevarar, elevinspektørar, miljøarbeidarar og bibliotekansvarlege.

Planens oppbygging

Plan for kompetanseutvikling er delt inn i to hovudkapittel – *Strategi 2016-2020* og *Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19*. Det første kapittelet *Strategi 2016-2020* er fylkeskommunen sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæringa og skal gi generelle overordna føringar for den årlige tiltaksplanen. Den generelle delen er delt inn i tre underkapittel:

- *Nasjonale og lokale føringar* som viser kva føringar som er lagt til grunn for planen.
- *Strategiar for kompetanseutvikling* som gjer greie for på kva måtar fylkeskommunen planlegg å legge til rette for kompetanseutvikling.
- *Prioriterte kompetanseutviklingsområder* som gir ei kort omtale av dei prioriterte kompetanseutviklingsområda som skal leggjast til grunn for årleg rullering av planen.

I samband med den årlege rulleringa av planen skal kompetanseutviklingsområda inngå som tema og vurderast i lys av eventuelle nye signal i nasjonale og lokale styringsdokument.

Kapittel 2 *Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19* gir ei oversikt over tiltak og økonomi for 2018/19. Tiltaksplan og budsjett skal utarbeidast kvart år og drøftast med organisasjonane.

2. Nasjonale og lokale føringar

Strategiplanen skal understøtte fylkeskommunen sine hovudmål og strategiar og er forankra i nasjonale og lokale føringar og følgjer hovudavtalen (Del C, § 6) og arbeidsmiljølova (§ 4-2) sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

2.1 Nasjonale føringar

Felles for dei nasjonale føringane er eit fokus på eit *systematisk, kunnskapsbasert* og *dynamisk* arbeid med kompetanseutvikling:

- Krav i Læreplanverket
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- NOU 2015:8 «Fremtidens skole»
- Stortingsmelding 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei

I **NOU 2015:8 «Fremtidens skole»** har eit utval vurdert kva kompetansar som vil vere viktige for elevane og kva endringar som må gjerast for at elevane utviklar desse kompetansane. Utvikling av skuleeigar og skulane sin kompetanse når det gjeld styring og leiing av lokalt arbeid med læreplanar vil vere ein viktig strategi for å bygge utviklingskapasitet i opplæringssektoren i åra framover.

Vidare påpeikar Ludvigsenutvalet at lærarprofesjonens kompetanse og praksis er avgjerande for at elevane skal kunne utvikle kompetansane for framtida. Utvalet seier vidare at lærarane vil ha behov for å styrke sin didaktiske og fagdidaktiske kompetanse og vidareutvikle metodar for undervisning. Kollegialt samarbeid om elevanes læring er ein føresetnad for å sikre at planlegging og gjennomføring av undervisninga bygger på forskning og erfaring og er tilpassa elevane sitt læringsbehov. Ludvigsenutvalet påpeikar vidare at eit godt læringsmiljø, samt støtte til lærarens arbeid, er avgjerande for lærarens profesjonelle arbeid.

Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025

Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta og landsdekkjande gjennomføring av vidareutdanning. Strategidokumentet set rammer for nasjonale satsingsområder og ansvarsfordelinga mellom dei ulike partane. Dette strategidokumentet er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet.

I strategien står det blant anna at det er viktig at fylkeskommunen: «*kartlegger behov for vidareutdanning på den enkelte skole og samarbeider med arbeidstakerne om langsiktige planer for kompetanseutvikling*»

I **Yrkesfaglærarløftet** har regjeringa utarbeida ein strategi med desse måla:

- auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærarane
- god kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga
- gode mogelegheiter for kompetanseutvikling

2.2 Lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling er forankra i følgjande lokale føringar:

- Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane
- Årleg tilstandsrapport for vidaregåande opplæring i Hordaland
- Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019
- Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle

- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025
- Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

3. Strategi for kompetanseutvikling

Det er viktig for opplæringsavdelinga å skape arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerlig og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling. Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeid med kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i åra som kjem og dannar rammeverket for det framtidige arbeidet.

3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging

I perioden 2016-2020 skal det systematiske arbeidet med kartlegging av kompetansebehov styrkast, jf. opplæringslova § 10-8. Det er avgjerande at den einskilde skule har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse skulen har og kva type kompetanse skulen treng. På bakgrunn av kompetansekartlegging, må skulen vurdere kva kompetanse det er behov for og utarbeide ein plan for kompetanseutvikling som blir rullert årleg. Skulane sine kompetanseplanar skal og leggest til grunn for den årlege rulleringa av strategi for kompetanseutvikling.

3.2 Skulebasert kompetanseutvikling

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi HFK vil følgje opp og prioritere i komande strategiperiode. Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane får til utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansmiljø. Målet er å utvikle skulens samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka fokus på skulebasert utvikling betyr at Hordaland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanseutvikling og skuleutvikling i samanheng.

3.3 Etterutdanning

3.3.1 Fagnettverk

Fylkesdirektør opplæring vil frå hausten 2016 etablere fagnettverk innanfor ulike utdanningsprogram/fag. Fagnettverket erstattar det tidlegare FAU-systemet. Den nye innrettinga av fagnettverka skal sikre ei brei forankring i utdanningssektoren i HFK og vere ein arena for fremjing av faglig kompetanseutvikling i fylket. Fagnettverka skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag i tråd med nasjonale og lokale føringar. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet. Det er representantane frå HFK i fagnettverka som saman kan avgjere kva ekstern kompetanse som er hensiktsmessig å invitere til ein plass i fagnettverket.

Fagnettverka sitt arbeid skal vere målretta og forpliktande. Aktiviteten og innhaldet i det enkelte fagnettverk kan variere med omsyn til at faga-/programområda er ulike i storleik, faginnhald og sær eigenheit. For å sikre ressursar til å leie og gjennomføre arbeidet i fagnettverka med planlegging og gjennomføring av kompetansehevingstiltak, vil det bli sett av inntil 30% for frikjøp av 2 lærarar i kvart av fagnettverka. Det er fylkesdirektør opplæring som lyser ut og engasjerer ressurspersonar i fagnettverka.

Fagnettverka skal:

- Drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utviklinga av utdanningsprogrammet/fagområdet
- Identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling innanfor utdanningsprogrammet/fagområdet
- Tilby fagleg-pedagogiske kurs/kompetanseutviklingstiltak for lærarar
- Vurdere behov for andre typar kompetanseutviklingsarenaer som kan styrke samarbeid på tvers innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og eksterne kompetansmiljø/næringsliv

Frå august 2016 vil det bli etablert 16 fagnettverk innan følgjande fag-/programområder:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Framandspråk
- Helse- og omsorgsfag
- Idrettsfag og kroppsøving
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Norsk
- Realfag
- Restaurant- og matfag
- Samfunnsfag og økonomi
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

3.3.2 Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar

Hordaland fylkeskommune har eit stort tal vidaregåande skular spreidd over eit relativt stort geografisk område. Skulane har varierende storleik både med omsyn til tal på elevar og faglig kompleksitet. Det er difor av stor verdi for einskilde grupper innan sektoren og få eit tilbod om kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer frå andre skular.

Fylkesdirektør opplæring ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for slike læringsarenaer, og det vil også i neste strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre møteplasser for relevant faglig kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike skular med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes skuleleiarar, rådgjevarar, m.m. Det har i inneverande strategiperiode blitt etablert nye nettverk/samarbeidsarenaer.

3.4 Vidareutdanning

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av nasjonale og lokale behov og rammevilkår. Det er også viktig å sjå strategi for vidareutdanning som eit ledd i ein arbeidsgjevarpolitikk som tar omsyn til individuelle ønskjer og behov for kompetanseutvikling, særleg i omstillingssituasjonar.

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlige rulleringa av planen.

4. Kompetanseutviklingsområder

Dei prioriterte kompetanseutviklingsområda baserer seg på nasjonale og lokale føringar og oppdatert forskning på skulesektoren, og skal bidra til å nå overordna nasjonale og lokale mål. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei prioriterte kompetanseutviklingsområda for perioden 2016-2020.

4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder

4.1.1 Klasseleiing

Klasseleiing handlar om å skape eit positivt læringsmiljø, der elevene kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. God vurderingspraksis og god klasseleiing heng tett saman, og er grunnleggande for

læraranes pedagogiske praksis. Det er vanskelig å få til god klasseleiing utan god vurderingspraksis og omvendt. Skal elevanes dugleik i lesing og rekning bli betre, er dei avhengige av å ha lærarar som er dyktige klasseleiarar og som har en vurderingspraksis som bygger opp under gode relasjonar, tydelege faglege forventningar til elevane, eit trygt læringsmiljø, læringsfremjande tilbakemeldingar og elevar som er aktive deltakarar i eigen læreprosess.

4.1.2. Læringsmiljø

Læringsmiljø er avgjerande både i klasserommet, i verkstaden og i bedrifta der ein er ute i lære. Korleis elevane og lærlingane trivst, har innverknad på motivasjon og psykisk helse og har igjen innverknad på vidare utdanningsløp. Manglande sosial og fagleg identifikasjon og tilhørslse, samt låg skulemotivasjon er dei viktigaste direkte årsakene til svake skuleprestasjonar og fråfall. Elevar og lærlingar som opplever tilhørslse og tilknytning til skule og lærebedrift har større sjanse for å gjennomføre utdanninga. I ei forskingsoppsummering ved Kunnskapssenter for utdanning i 2014 blir det slått fast at «*stadig mer forskning peker i retning av at opplevelse av tilhørighet og tilknytning til skolen er en sterk prediktor for helse, og læringsutbytte, elevtilfredshet og atferdsproblemer*¹» Skuleleiarar og elevinspektørar vil vere særleg sentrale målgrupper for kompetanseheving på dette området.

4.1.3 Vurdering for læring

Å sikre at elevar og lærlingar får læringsfremjande tilbakemeldingar på eigne prestasjonar og utvikling er eit sentralt kompetanseutviklingsområde i HFK. Vurdering skal ha som formål å motivere eleven/lærlingen til å nå læringsmåla. Undervegsvurdering handlar om å klargjere forventningar, beskrive og vurdere oppnådd kvalitet på læringsarbeidet, gi råd om forbetring og legge til rette for at eleven/lærlingen skal vurdere eige arbeid. Lærarane/instruktørane sin kompetanse og vurderingspraksis har stor betydning for elevane/lærlingane sitt læringsutbytte.

4.1.4 Pedagogisk bruk av IKT

Kunnskapsløftet (K06) spesifiserer digitale ferdigheiter som ein grunnleggjande ferdigheit og naudsyn kompetanse for læring i alle fag. Bruk av IKT er soleis ein føresetnad for elevane si læring og utvikling av læringsarbeidet i skulen. Forsking peikar også på at bruk av IKT kan bidra til å fremje elevdeltaking—meir elevsentrert og dialogbasert (dialogisk) undervisning. Erfaring frå utviklingsarbeid og læringsprosjekt i Hordaland synar allereie IKT si rolle knytt til utvikling av god vurderingspraksis og tilpassa opplæring². NOU 2015:8 «Fremtidens skole»³ følgjer opp K06 si satsinga på digital kompetanse og viser til korleis denne kompetansen må inngå som ein sentral del av fagområda i skulen i framtida. Bruk av IKT i læringsarbeidet krevjar kontinuerlig kompetanseheving for elev, lærar, skuleleiar og administrasjon—særskilt i høve til verktøykompetanse og didaktisk forståing av korleis IKT kan nyttast i fag og undervisning.

4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse

Stabile og robuste fagmiljø er ein føresetnad for ei opplæring av høg kvalitet. NOU: 2015:8 peikar på at faga i skulen treng fornying for å møte framtidig kompetansebehov i arbeids- og samfunnsliv. Elevane utviklar kompetanse gjennom arbeidet med faga, og utvalet meiner at ei fornying må reflektere at elevar i norsk skule vil ha behov for å utvikle fire sentrale kompetansar: fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta, og kompetanse i å utforske og skape. Fag og fagområde endrar seg raskare enn tidlegare. God kunnskap om dei mest sentrale metodane og tenkemåtane, omgrepa og prinsippa som faga består av, vil gi elevane innsikt og ferdigheiter i faget som er relevante over tid.

Faga må utviklast slik at dei legg til rette for at elevane har moglegheit til å gå i djupna og det må vurderast å redusere tal fagområder det er realistisk at skulefaga kan bestå av. Utvalet peiker også på tre fleirfaglege tema

1

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Rapport&cid=1254000228200&pagename=kunnskapssenter/Hovedsidemal>

2 <https://www.laringihordaland.no>

3 NOU 2015:8 Fremtidens skole: side 26. "Utvalget ser digital kompetanse som en sentral del av fagområdene i skolen. Teknologitvutvikling og bruk av digital teknologi har stor innvirkning på hvordan vi lever livene våre både privat, i skolen og i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er i dag en forutsetning for å kunne delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er en integrert del av ulike fagområder i skole og utdanning, og er avgjørende for innovasjon og teknologitvutvikling i næringslivet og i offentlige virksomheter."

som vil vere særlig viktige framover og som må vere tydelige i læreplanverket: Bærekraftig utvikling, det fleirkulturelle samfunn og folkehelse og livsmestring. Gjennom skulebasert kompetanseutvikling, fagnettverk og vidareutdanning skal HFK sikre høg og framtidretta fagkompetanse.

4.3 Leing

HFK skal legge til rette for vidareutdanningstilbod for skuleleiarar som er oppdatert, stimulerande, relevant og praktisk anvendeleg. Målet er at rektorane/skuleleiarane skal bli betre i stand til å utføre sine leiaroppgåver i ein praktisk og travel kvardag. Tilbakemeldingar dei seinare åra tyder på at dei som har gjennomført vidareutdanning innan skuleleing i større grad har ei klar forståing av eiga leiarrolle og føler seg tryggare i rolla som skuleleiar. Vidareutdanningstilbod retta mot skuleleiarar vil framleis vere det viktigaste tiltaket når det gjeld kompetanseutvikling for skuleleiarar. Målet er at alle skuleleiarar i HFK skal ha minimum 30 studiepoeng innanfor område utdanningsleing på masternivå.

Det vil i neste strategiperiode i tillegg bli lyst ut eit årleg stipend til rektorar/skuleleiarar som har gjennomført rektorutdanninga og ønskjer å gå vidare til ein fullført mastergrad. Stipendet skal gå til å dekke eventuelle skulepengar/andre kostnader knytt til gjennomføringa.

4.4 Samarbeid skule/bedrift

For at flest mogleg lærlingar og lære kandidatlar skal fullføre, er det nødvendig at åra i vidaregåande opplæring blir sett på som ein heilskap, og at det er tett kontakt mellom bedrift og skule gjennom heile løpet. Dagens regjering ønskjer å motivere arbeidslivet til å delta i kompetanseutviklinga av yrkesfaglærarane. Bedrifter og bransjar har fagkompetanse, er oppdaterte på teknologi og metodar, og kan dermed bidra til at lærarar som underviser framtidige lærlingar/arbeidstakarar også får denne kunnskapen.

Det er skilnad på korleis ein yrkesfaglærar og ein fellesfaglærar utøver profesjonen sin. Yrkesfaglærarane bør difor få eigne kompetanseutviklingstilbod som er skreddarsydde for denne gruppa. Både nasjonalt og lokalt er det sett i gang tiltak for å få meir systematisk kunnskap om kva kompetansebehov yrkesfaglærarane har.

Hospitering fører til kompetanseheving og nettverksbygging både for dei tilsette i skulane og i bedrifta. Dette fører til ei utviding av skulane sine kontaktnett hos bedrifta, samt stimulerer til betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

4.5 Oppfølging av nytilsette

Nye lærarar i HFK skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Dette kan best sikrast gjennom at nye lærarar møter rettleiarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. Eit tilbod om formell kompetanse innan rettleiing for mentorar er viktig for å sikre kvalifisert rettleiing av nye lærarar slik at dei meistarar jobben og blir i skulen. Utdanning innanfor rettleiing for mentorar skal sikre at den rettleiinga nye lærarar får er målretta, systematisk og profesjonell. Nye lærarar må og sikrast gode og tilrettelagte læringsarenaer på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og dele erfaringar i ein trygg kontekst.

4.6 Interkulturell kompetanse

Det å erverve seg kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar på, gjer at ein også får meir kunnskap om seg sjølv og sin eigen kulturelle bakgrunn. Interkulturell kompetanse kan blant anna definerast som å få meir grunnleggande kunnskap om seg sjølv og andre og dermed gjere ein i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

Med utgangspunkt i HFK sin Internasjonale strategi frå 2013 utvikla opplæringsavdelinga sin strategi med handlingsplan i 2014. Eit av måla for internasjonalisering i vidaregåande opplæring er:

- Internasjonal kompetanse skal gjere elevane og lærlingane i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og eit internasjonalt verdssamfunn.

I tråd med HFK sin overordna strategi har opplæringsavdelinga som mål å auke den internasjonale kompetansen til lærarar og skuleleiarar. Skuleeigar kan bidra med kompetanse og støtte slik at lærarar og skuleleiarar får kunnskap om å søkje ulike europeiske stipendordningar.

4.7 Rådgiving

4.7.1 Karriererådgiving

Val av utdanning og yrke blir opplevd som vanskelig for mange elevar. I tillegg vil stadig fleire i løpet av yrkeskarrieren ha behov for å skifte jobb eller yrke. Eit godt system for karriererettleiing med høg kompetanse kan bidra til at den enkelte sine føresetnader og arbeidslivet sin etterspørsel etter kompetanse kan bli ivareteke på ein effektiv måte. Dette kan være av stor samfunnsøkonomisk betydning i eit arbeidsliv der endring blir stadig vanlegare. Kompetansehevande tiltak vil i så måte knytast til karriererettleiing som læringsprosess, kor karrierelæring er sentral. Utvikling av karrierekompetanse og valkompetanse blir svært viktig i framtida. (Rapport fra ekspertutvalg, VOX, 2015 «CMS – et felles perspektiv for karriereveiledning i Norge?»)

4.7.2 Sosialrådgiving

Behovet for individuell rådgiving er aukande, særlig innanfor det sosialpedagogiske rådgivingsfeltet (Buland, T m.fl, 2015) Eit aukande tal minoritetsspråklige elevar inneber utfordringar knytt til språk, kultur og psykososiale problemstillingar. I tillegg ser ein og ein auke av psykososiale utfordringar i elevmassen generelt. At psykososiale utfordringar kan ha stor betydning for den enkelte sine moglegheiter til å fullføre vidaregåande opplæring viser ei kartlegging frå NAV Hordaland og Hordaland fylkeskommune i forbindelse med NY GIV. I undersøkinga kjem det fram at 70 % av elevane som slutta undervegs i vidaregåande opplæring i Bergen skuleåret 2010-2011, hadde rusproblem, psykiske problem, eller begge delar (St. meld. 20 «På rett vei»).

4.8 Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleleiarane skal sikre at skulen har kompetanse til å følgje opp og gje forsvarleg opplæring til elevar med særskilte behov. Årleg blir om lag 1000 elevar/lærlingar/lærekandidatar tilvist til OT/PPT for vurdering av ulike vanskar og ønskje om råd om tilpassa opplæring og sakkunne om spesialundervisning. Skuleeigar og skuleleiarane har ansvar for å sikre at skulane har den naudsynte kompetansen slik at dei kan gje alle elevar, uansett kva lærevanskar dei har, eit forsvarleg opplæringstilbod og følgje opp råd og sakkunnige anbefalingar frå OT/PPT.

PP-tenesta har ansvar for å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov jf. opplæringslova § 5-5. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.9 Skulebibliotektenesta

Skulebibliotektenesta kan vere ein viktig ressurs for å skape eit godt skule- og læringsmiljø der elevane får rettleiing og hjelp til å finne og utforske tekstar gjennom alle typar media og til alle typar emne og fag. Bibliotektenesta er i stadig utvikling i ein digital kvardag. Skulebibliotekaren er ein profesjonell rettleiar i kjeldekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Etterutdanning i høve dagens medielandskap er ei viktig investering. Styrking av kompetansen i skulebiblioteka vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket som læringsarena til ein uvurderleg møteplass mellom språk og kulturar for alle elevar.

Kapittel 2

Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19

5. Tiltak

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for 2018/19. Tiltaksplanen er utarbeida i tråd med føringar i kapittel 1 i Plan for kompetanseutvikling.

5.1 Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Skulebasert Kompetanseutvikling/læringsprosjekt	- Læringsprosjekt - Kompetanse for mangfald	1 200 000
Sum		1 200 000

5.2 Etterutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Nettverk		
Fagnettverk	Faglig kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag	5 000 000
Andre nettverk for: - Bibliotekansvarlege - Miljøarbeidarar - Minoritetsspråklege - Pedagogisk bruk av IKT - Rådgjevarar - Skuleleiarar - Spesialpedagogikk	Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar	1 500 000
Sum nettverk		6 500 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Annan etterutdanning		
Lærarar	- Andrespråklæring - Fagkurs for yrkesfaglærarar - Hospitering for lærarane - Læringsmiljø - Nordic Teachers Space camp - Utdannings- og reisestipend - Vurdering for læring	1 900 000
Skuleleiing	- Vurdering for læring - Samling: leiing i ein digital kvardag - KS- leiarprogram - FYR/yrkesdifferensiering	950 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Faglige leiarar / instruktørar og prøvenemnda	- Faglig leiar / instruktør opplæring - Hospitering for instruktørar / faglig leiarar - Vurderingskurs for prøvenemnder	2 080 000
Miljøarbeidarar	- Stipend	100 000
Sum annan etterutdanning		5 030 000

5.3 Vidareutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Vidareutdanning		
Lærarar	- Kompetanse for kvalitet - Yrkesfaglærarløftet - Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	24 375 000
Rådgjevar	- Karriererettleiing - Sosialpedagogikk	
Rektorutdanning	- 30 stp. innan skuleleiing	
Miljøarbeidarar	- Stipend	
Sum vidareutdanning		24 375 000

6. Finansiering 2018/19

Kostnader	Kroner
Skulebasert kompetanseutvikling	1 200 000
Etter -og vidareutdanning	35 905 000
Sum	37 105 000

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	23 990 000
HFK-midlar	13 115 000
Sum	37 105 000

Tiltaka blir finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå opplæringsavdelinga sine budsjett. I dette er det ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning, er rekna med. Desse ressursane er betydelege. Det er lagt inn ein eigenbetaling frå skulane i samband med etterutdanning i regi av fagnettverka.

Statlege midlar til etterutdanning er midlar det har blitt søkt på til spesifikke tiltak. Det er krav om rapportering på bruk av desse midlane. I inneverande periode gjeld dette midlar til hospitering, fagkurs for yrkesfaglærarar og vurdering for læring.

Det er to nasjonale strategiar kor det kan søkjast om midlar støtte til vidareutdanning:

Det er:

- *Kompetanse for kvalitet*
- *Yrkesfaglærarløftet*

Finansieringa av vidareutdanning gjennom **Kompetanse for kvalitet** er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Det er to finansieringsordningar i *Kompetanse for kvalitet*.

- **Vikarordning:** Lærarar som tek eit 30 studiepoeng studium skal frikjøpast 37,5 prosent av full stilling. Fordelinga på finansieringa er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik 75 % stat og 25 % for lærarar.
- **Stipendordning:** Lærarane får 110 000 kr. i stipend for å ta 30 stp. i prioriterte fag.

Den enkelte lærarar avgjer sjølv i samråd med skuleleiinga kva finansieringsordning som blir søkt om. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien.

Yrkesfaglærarløftet:

Det er to finansieringsordningar under denne ordninga:

- Stipend: Lærarane får 55 000 kr. i stipend for å ta 15 stp.
- Frikjøp: Lærarar som tek eit 15 studiepoeng studium skal frikjøpas 18,75 prosent av full stilling.

Stipend og frikjøp er full finansiert av staten. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom Yrkesfaglærarløftet.

Den enkelte lærarar avgjer sjølv i samråd med skuleleiinga kva finansieringsordning som blir søkt om.

Hordaland fylkeskommune har i dag samarbeid med to tilbydarar i UH- sektoren om ulike vidareutdanningstilbod etter skuleigar/ skulane sine behov og ønskje.

Arkivnr: 2018/209-1
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	6/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018

Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi - unntaksordning for 2018**Samandrag**

I fleire år har det vore stor skilnad mellom talet på søkjarar til læreplass med bakgrunn frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering og talet på tilgjengelege læreplassar i faga. Samstundes har det vore ledige læreplassar i byggdriftarfaget. I dette faget er det i mange bedrifter ein fordel med elektro-bakgrunn, sjølv om byggdriftarfaget ligg til utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk i strukturen for vidaregåande opplæring.

I 2016 innførte fylkesrådmannen ei unntaksordning der ungdom med Vg1 Elektro og Vg2 Elenergi fekk ekstra godskriving i læretida, altså kortare læretid enn det regelverket tilseier dersom dei teikna lærekontrakt i byggdriftarfaget. Fagleg vart dette vurdert som forsvarleg, fordi læreplanane har fleire overlappende kompetansemål. Ordninga vart vidareført i 2017 og utvida til også å gjelde søkjarar frå Vg2 (evt inkl Vg3) Automatikarfaget.

Det vil sannsynlegvis bli behov for nokre ekstraordinære tiltak også i 2018 for å finne nok læreplassar. Det vil derfor vere ein føremon om fjorårets ordning kan gjerast gjeldande også i år.

Økonomi: Tiltaket har marginale økonomiske konsekvensar.

Klima: Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for klimaet.

Folkehelse: Om fleire får fullført vidaregåande opplæring pga tiltaket, vil det vere positivt for dei det gjeld.

Regional planstrategi: Tiltaket er i tråd med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Forslag til vedtak

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2018.
2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt inkl Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd).
3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.01.2018

Byggdriftarfaget er eit relativt nytt fag, læreplanen vart godkjend per 1.8.2014. Faget er eit særløp, og opplæringsløpet er Vg1 Bygg- og anleggsteknikk og deretter tre år i lære.

Ein byggdriftar driftar og held ved like bygg for oppvekst, omsorg, næring og bustader, for eksempel barnehagar, skular, sjukeheimar, sjukehus, kontor- og industribygningar og bustadbygg. Byggdriftarfaget byggjer på og vidareutviklar vaktmeisteryrket.

Sentrale arbeidsområde er å

- gjere dagleg ettersyn av bygg og uteanlegg og utføre enkle reparasjonar og vedlikehald
- drifte lys-, ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg og vass- og avløpsinstallasjonar
- ta seg av avfallssystem, alarmsystem og anlegg for brannvarsling og naudstraumsforsyning
- bruke program for forvaltning, drift og vedlikehald og sentral driftskontroll (FDV- og SD-program)
- gi primærhjelp ved heisstans
- drifte basseng- og fonteneanlegg og utføre legionellakontroll
- gi råd om val av tekniske installasjonar og anlegg

Fleire bedrifter og bransjar har ønske om å ta inn lærlingar i byggdriftarfaget med bakgrunn frå elektro, og ikkje frå bygg- og anleggsteknikk. Dette heng saman med at arbeidet som skal utførast i faget, er av ein slik art at det kan vere ein stor fordel med elektro-kunnskap.

Byggdriftarfaget går ut frå Vg1 Bygg- og anleggsteknikk, og deretter er det tre års læretid. For å bli elektrikar må ein gå Vg1 Elektrofag og Vg2 Elenergi, og deretter 2,5 år i lære. Det er ikkje kryssløp mellom desse utdanningane. Det er likevel ein del av kompetansemåla som er overlappende.

Fylkesrådmannen gjorde i 2016 vedtak om ei mellombels godskrivingsordning for byggdriftarfaget for ungdom med bakgrunn frå Vg1 Elektro og Vg2 Elenergi. Bakgrunnen var svært mange søkjarar til læreplass i elektrikarfaget, og at situasjonen i bransjen var slik at eit stor tal på søkjarar ville bli ståande utan læreplass i dette faget.

Ordninga vart vidareført og utvida i fjor i lys av læreplass-situasjonen, slik at også søkjarar med Vg2 Automatisering vart omfatta.

- Vg1 Elektrofag blei godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt Vg3) Automatisering blei godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vart dermed 2,5 år (30 mnd) for desse lærlingane.
- Lærebedrifta og lærlingen måtte vere samde om den avkorta læretida. Lærebedrifta måtte søkje til fagopplæringskontoret om å få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra.
- Fagopplæringskontoret gjorde enkeltvedtak i saka.

Etter talet på Vg2-elevar innan elektro som denne våren skal søkje læreplass, ser det i 2018 ut for at vi kan kome i ein liknande situasjon som i 2017 når det gjeld søkjarar til elektrikarfaget. Det er dermed ønskje om å også i år gi ekstra godskrivning av læretida for søkjarar som kjem ut frå Vg2 elenergi.

I tillegg ser fylkesrådmannen at vi også i 2018 vil ha mange søkjarar til læreplass i automatiseringsfaget. Desse søkjarane går tre år i skulen (Vg1 elektrofag, Vg2 + Vg3 automatisering) før dei skal ha 1,5 år i lære. Læretida består berre av verdiskapingstid. Over fleire år har vi hatt mange søkjarar som ikkje har fått læreplass i dette faget. Desse har fått tilbod om å ta fagprøve etter bestått Vg3 for å få fullført opplæringa si.

Som for Vg2 Elenergi er det ein god del overlapping mellom kompetansemål for Vg2 Automatisering og læreplanen i byggdriftarfaget. Det kan derfor fagleg forsvarast at også ungdom med bakgrunn frå Vg2 Automatisering får tilsvarende unntak frå godskrivingsreglane som vi foreslår for søkjarane frå Vg2 Elenergi.

Vilkåra for unntaksordninga blir som følgjer:

- Ordninga med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2018.
- Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt inkl Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd).
- Lærebedrifta og lærlingen må vere samde i den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra.
- Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Søknader skal sendast til Fagopplæringskontoret.



Arkivnr: 2018/381-1
Saksbehandlar: Anne Sara Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	7/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018

Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar

Samandrag

Den årlege lærlingundersøkinga, og erfaring med konkrete saker, viser at mobbing og trakassering er eit reelt problem for ein del lærlingar og lærekandidatar (heretter: lærlingar).

Det er behov for gode retningslinjer og prosedyrar til bruk både internt i fylkeskommunen og i høve til alle andre aktørar som kan vere involverte i opplæring av lærlingar. Fagopplæringskontoret, i nært samarbeid med lærling- og elevombodet og mobbeombodet, har derfor utarbeidd ein handlingsplan for korleis slike problemstillingar skal handterast, og tiltak for å førebygge, fange opp og stoppe trakassering/mobbing.

Hovudmålet med handlingsplanen mot trakassering/mobbing er at alle lærlingar og lærekandidatar skal oppleve eit trygt arbeids- og læringsmiljø, fritt for mobbing og krenkande åtferd. Alle lærlingar har rett på eit arbeidsmiljø fritt for mobbing og trakassering, også seksuell trakassering (arbeidsmiljølova § 4-3).

Økonomi: Tiltak med økonomiske konsekvensar vil bli tatt opp i eiga politisk sak.

Klima: Sak/tiltak har ikkje innverknad på klimaet.

Folkehelse: Handlingsplan og tiltak kan vere viktig for å hindre mobbing/trakassering.

Regional planstrategi: Forbetring av læringsmiljø og auka fullføring er vesentlege element.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til handlingsplanen mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekandidatar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein L. Heggheim
fylkesdirektør opplæringf

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.01.2018

Bakgrunn

Lærlingundersøkinga og erfaring med konkrete saker viser at mobbing og trakassering er eit reelt problem for ein del lærlingar og lærekandidatar. Det er behov for gode retningslinjer og prosedyrar til bruk både internt i fylkeskommunen og i høve til alle andre aktørar som kan vere involverte i opplæring av lærlingar.

Lovgrunnlag

Opplæringslova § 9A gjeld for skuleelevar. Lærlingar er tilsette i lærebedrifta, og deira vern mot trakassering/mobbing er regulert av arbeidsmiljølova §§ 4-1 og 4-3. Alle lærlingar har rett på eit arbeidsmiljø fritt for mobbing og trakassering, også seksuell trakassering. Dette følgjer direkte av arbeidsmiljølova § 4-3. Lærebedrifta pliktar å legge til rette opplæringa slik at lærlingen kan nå måla i den fastsette læreplanen, og skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Jamfør § 4-4 i opplæringslova.

Mål

Hovudmålet med handlingsplanen mot trakassering/mobbing er at alle lærlingar og lærekandidatar skal oppleve eit trygt arbeids- og læringsmiljø, fritt for mobbing og krenkande åtferd. Føremålet med planen er å førebygge, fange opp og stoppe trakassering/mobbing.

Kva er trakassering og mobbing?

Det er mobbing når ein person gjentekne gonger over tid blir utsett for negative handlingar. Dette kan for eksempel vere trakassering, plaging, utfrysing, at ein tar frå nokon arbeidsoppgåver, eller sårande fleiping og erting.

Dei handlingane som inngår i mobbing, kan ramme personar i arbeidslivet frå tid til anna. Som enkeltståande handling kan det vere ei ubehageleg oppleving, men noko som dessverre kan skje. Vi snakkar ikkje om mobbing dersom to omtrent like sterke personer kjem i konflikt, eller når det dreier seg om ein enkelståande konfliktepisode.

Omgrepet trakassering omfattar mobbing, men mobbing er ikkje eit omgrep i arbeidsmiljølova. Styrketilhøvet mellom partane handlar ikkje nødvendigvis om formell plassering i organisasjonen. Slik omgrepet vanlegvis vert brukt, kan ein person bli utsett for mobbing både frå leiarar og kollegaer.

Prinsipp for handtering av trakassering/mobbing

Ungdommen skal takast på alvor – ein skal alltid lytte og undersøke saka. Utgangspunktet er at ein trur på det lærlingen fortel. Saka skal takast tak i så tidleg som mogleg og handterast på lågast mogleg/rett nivå. Saka er å rekne som ei personalsak og skal behandlast konfidensielt. Alle involverte partar skal få høve til å legge fram sitt syn.

Arbeid mot trakassering/mobbing skal gå inn som ein del av det systematiske arbeidet med helse, miljø og tryggleik i ei verksemd. Verksemda skal utvikle rutinar som gir grunnlag for eit inkluderande arbeidsmiljø og ein kultur som ikkje gir grunnlag for trakassering/mobbing.

Det må arbeidast på tre nivå:

1. Førebygging, for å redusere sjansen for at problem oppstår.
2. Handtering, for å stanse eventuell mobbing som har oppstått.
3. Oppfølging for den som er utsett, for å lære av situasjonen og sette i verk korrigerande tiltak for å hindre gjentakning.

Førebygging av trakassering/mobbing vil seie å organisere og leie verksemda på ein måte som gir tilsette ei kjensle av tryggleik i form av kva ein kan rekne med: å høyre til sosialt, kunne vere med å bestemme, moglegheit for mestring og meningsfullt arbeid, og trygge tilsettingstilhøve.

Leiinga har ansvar for å tydeleggjere at trakassering/mobbing ikkje vert akseptert. Lærlingen skal delta i bedrifta sine systematiske HMS-kartleggingar, som eksempelvis arbeidsmiljøkartleggingar. Bedriftene skal ha rutinar for korleis mobbing skal meldast og handterast i bedrifta, og lærlingen skal ha kjennskap til desse.

Når det gjeld handtering og oppfølging, skal slike saker gripast fatt i tidleg og løysast på lågast mogleg nivå slik at problemet ikkje får utvikle seg til ein fastlåst situasjon. Tiltak skal setjast i verk, og dersom det er behov for ekstern bistand som eksempelvis bedriftshelseteneste, skal dette setjast inn av lærebedrifta. Arbeidstilsynet skriv at den som har vorte utsett for trakassering/mobbing, bør få tilbod om samtale med helsepersonell. Dette er det i første omgang lærebedrifta som skal tilby.

Det er naturleg å forvente at konkrete tiltak blir gjort, og at føringar blir gitt for å unngå gjentakningar. Ein som er utsett for mobbing/trakassering, bør også få tilbod frå bedrifta om medisinsk assistanse for å få bukt med eventuelle fysiske og psykiske etterverknader. Det kan til dømes vere bedriftshelseteneste, psykolog eller PPT.

Roller

Lærlingar/lærekandidatar

Lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakar i bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plasserte i, med dei rettar og plikter som følgjer av lov og tariffavtalar. Tilsette pliktar å medverke ved gjennomføring av tiltak som blir sette i verk for å skape eit sunt og trygt arbeidsmiljø, jamfør arbeidsmiljølova § 2-3.

Lærebedrifter

Kvar einskild lærebedrift har arbeidsgjevaransvar og ansvar for den daglege oppfølginga i opplæringa av sine lærlingar og lærekandidatar.

Opplæringslova § 4-4 omhandlar rettane og pliktene til lærebedrifta m.m. I 2. avsnitt står det mellom anna at «Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø.» Dette er ei plikt lærebedrifta har etter opplæringslova. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å organisere og leie arbeidet på ein slik måte at tilsette ikkje blir utsette for uheldige fysiske eller psykiske påkjenningar. Det er arbeidsgivar sitt ansvar å sette i verk tiltak som er nødvendige for å førebygge og handtere mobbing på arbeidsplassen. Dette ansvaret går fram av arbeidsmiljølova sine reglar i kapittel 2 og 4, sjå § 2-2 og § 4-1.

Lærebedrifta pliktar som arbeidsgjevar å sette i gong tiltak som er nødvendige for å førebyggje og handtere mobbing, trakassering eller annan uønskt oppførsel på arbeidsplassen, jamfør arbeidsmiljølova §§ 4-1 og 4-3. Arbeidsgjevar skal i samarbeid med tilsette arbeide aktivt for å skape gode sosiale arenaer som bidrar til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Verksemda skal ha ein rutine for rapportering av mobbing/trakassering. Rutinen skal vere gjort kjent for alle, og den skal informere om kven ein skal vende seg til.

Opplæringskontor

Opplæringskontora er ulikt organsert, og det formelle ansvaret knytt til opplæringa er regulert i vedtektene til opplæringskontoret. Dersom lærebedrifta er medlem i eit opplæringskontor, har kontoret det formelle ansvaret for at opplæringa blir gjennomført i samsvar med lover og forskrifter. Kvar einskild medlemsbedrift har arbeidsgjevaransvar og ansvar for den daglege oppfølginga i opplæringa av sine lærlingar og lærekandidatar.

Opplæringskontoret må legge til rette for eiesamtale med lærlingane, til dømes før eller etter halvårssamtale. Opplæringskontora bør ha ei startsamling for lærlingane med informasjon om rettar og plikter.

Fagopplæringskontoret

Hordaland fylkeskommune ved fagopplæringskontoret har eit overordna ansvar for vidaregåande opplæring i bedrift. Fagopplæringskontoret godkjenner lærebedrifter.

Fagopplæringskontoret er ein av tre partar i eit læreforhold (lærling/lærekandidat, lærebedrift og fylkeskommunen). Det er viktig at den som vert utsett for trakassering/mobbing har ein stad å vende seg til med problemet.

Fagopplæringskontoret skal tilrå lærlingen å først ta opp saka internt i lærebedrifta. Fagopplæringskontoret kan vidare kontakte/besøke lærebedrifta, og sjå til at bedrifta fyller krava i opplæringslova. Her har fagleg leiar ei viktig rolle. Fagopplæringskontoret og opplæringskontoret skal også ha dette som tema i møte med lærebedrifta (fagleg leiar og eventuelt dagleg leiar).

Viktig: Alle offentlege tilsette har varslingsplikt dersom ein ser at det går føre seg kriminelle handlingar.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT kan bidra til eit godt samarbeid mellom lærling og bedrift dersom lærlingen får utfordringar i læretida som fører til mistrivnad i lærebedrifta. PPT kan mellom anna:

- kartlegge vanskar/utfordringar som verkar inn på læretilhøvet
- gi bistand ved samarbeidsvanskar/konfliktar mellom lærlingen og lærebedrift
- hjelpe med personlege og sosiale vanskar

Elev- og lærlingombodet og Mobbeombodet

Omboda er tilsette av fylkestinget for å ivareta rettane til elevar og lærlingar/lærekandidatar i vidaregåande opplæring. Omboda arbeider både med enkeltsaker og på systemnivå for å sikre at opplæringstilbodet i Hordaland fylke er i samsvar med lover og forskrifter. Lærlingar/lærekandidatar som opplever trakassering/mobbing på jobben kan difor ta kontakt med omboda for å få hjelp og bistand til å finne ei løysing. Omboda kan også eventuelt vere med på møte.

Fastlege

Kan sjukmelde på bakgrunn av psykososiale tilhøve på arbeidsplassen, maks 12 veker.

Andre aktørar

Det kan vere behov for kontakt med og avklaring i høve til tillitsvalde, NAV og Statens lånekasse.

Reiskap for å førebygge/forhindre og fange opp trakassering/mobbing av lærlingar

Arenaer for å sette temaet på dagsorden til lærlingane:

- Eige tema på lærlingsamlingar
- Gjera lærlingane kjende med sine rettar og plikter via møte, brosjyrar, informasjon på internett/sosiale medium
- Tema på halvårssamtalen til lærlingen
- I andre samtalar med lærling – stille gode spørsmål
- Lærlingundersøkinga

Arenaer for å sette temaet på dagsorden til bedrifter og opplæringskontor:

- Tema på informasjonsmøte for nye lærebedrifter
- Tema på kurs for faglege leiarar og instruktørar
- Tema ved bedriftsbesøk som fagopplæringskontoret har i lærebedrifter og opplæringskontor
- Tema i samlingar som seksjonsleiar fagopplæring har med opplæringskontor.
- Lærebedriftsundersøkinga

Tiltak

Det må arbeidast på tre nivå:

1. Førebygging, for å redusera sjansen for at problem oppstår
 - a. Informasjon om handlingsplan og retningslinjer
 - i. HFK si heimeside (fagopplæring, omboda, OT/PPT)
 - ii. E-post til bedrifter og opplæringskontor
 - iii. Distribuere lenkjer/kontaktinformasjon til alle relevante partar (PPT, omboda...)
 - iv. Tema på årlege dialogmøte med opplæringskontora. Også invitere styreleiar.
 - v. Vurdere om det er nødvendig med lokale heimlar/tilrådingar t.d. i høve til vedtekter for opplæringskontora
 - vi. HFK må vurdere innføring av læringsamlingar
 - vii. På kva nivå kan fagopplæring og arbeidstilsynet samarbeide?
 - b. Informasjon om tema mobbing/trakassering
 - i. Ved utsending av godkjent lærekontrakt
 - ii. HFK si heimeside
 - iii. Opplæringskontora sine heimesider
 - iv. Kurs for nye lærebedrifter
 - v. Kurs for faglege leiarar og instruktørar
 - vi. Solstrand-konferansen
 - vii. Læreplasskonferansar
 - viii. Inkludere i malar for halvtårssamtalar
 - ix. Læringsamlingar
 - x. Tema ved bedriftsbesøk. Har bedrifta system for oppfølging av arbeidsmiljøet inkludert i internkontrollsystemet?
 - xi. Få laga ein app?
2. Handtering, for å stanse eventuell mobbing som har oppstått
 - a. Etablere Læringsmiljøgruppe fagopplæring (etter modell ressursteam), som blir ei «prosjektgruppe» i høve til kvar sak.
 - i. To «spesialistar» frå fagopplæring – ein hovudkontakt for lærling og ein for bedrifta. Fagopplæring er «prosjektleiar» i dei fleste sakene.
 - ii. Omboda
 - iii. OT og PPT
 - b. Handsame sakene i tråd med prosedyrane.
3. Oppfølging for den som er utsett, for å lære av situasjonen og sette i verk korrigerande tiltak for å hindre gjentakning.
 - a. Oppfølging av lærling og bedrift
 - b. Evaluering av saka

Det vil vere nødvendig å vurdere behov for lokale heimlar og tiltak/prosjekt som kan ha økonomiske konsekvensar i høve til problemstillingar knytt til trakassering og mobbing. Dette vil i tilfelle bli tatt opp til politisk handsaming som eigne saker.

Prosedyre for Fagopplæringskontoret ved handtering av trakassering/mobbing

Saksgang	Tiltak	Ansvar
<p>Fagopplæringskontoret rår til at den som opplever trakassering/mobbing, melder frå til bedrifta gjennom tenesteveg (nærmaste leiar, leiar over eller verneombod). Fagopplæringskontoret kan vere med lærlingen.</p> <p>Lærlingen følgjer interne prosedyrar i bedrifta. Dersom bedrifta ikkje tar tak i saka gjeld følgjande prosedyre når lærlingen tar kontakt.</p>		
1	<p>I første samtale med lærling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lærlingen vert mottatt med respekt og meldinga vert tatt på alvor. Ein trur på det lærlingen fortell. - Sakshandsamar går gjennom sjekkliste. 	Saksbehandlar bedrifts- og formidlingsgruppa
2	<p>«Læringsmiljøgruppa fagopplæring» vert kopla på. Kontaktperson for lærlingen i læringsmiljøgruppa vert oppretta.</p>	Saksbehandlar bedrifts- og formidlingsgruppa
3	<p>Informasjon ut til lærlingen og eventuelt føresette om fylkeskommunen sine rutinar ved trakassering/mobbing av lærling.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Takk for at du melde frå! 2. Vår rutine i slike saker er... 3. Referat frå førre samtale. <p>Eventuelt 4: Du blir kalla inn til møte den (dato). Innhente eventuell fullmakt for å kunne representere lærlingen. Læringsmiljøgruppa må vurdere å trekke inn aktuelle ressurspersoner og faglig kompetanse underveis i saken.</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring
4	<p>Den som er utsett for mobbing/krenkingar vert kalla inn til samtale med kontaktperson på Fagopplæringskontoret (dersom ikkje møte allereie har funne stad). Lærlingen blir informert om bedrifta sine plikter i slike saker, og korleis bedrifta i følgje Opplæringsloven og Arbeidsmiljøloven skal opptre. Kontaktperson tilbyr seg å halde møte med lærebedrifta for å minne/informere om pliktene jf. Opplæringsloven § 4-4. Kontaktperson tilbyr seg også å vere med på eventuelle møte med NAV, fagforeining, fastlege mm. Informasjon om PPT. Informere om mobbeombod og elev- og lærlingombodet, og at det er mogleg å ta kontakt med ein av desse.</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring
5	<p>Fagopplæringskontoret ber om eit møte med bedrifta der ein ser til at lærebedrifta fyller sine plikter. Det vert eventuelt sett frist til å setje i gong tiltak/forbetringar – med plikt om å følgje opp lærlingen. Fagopplæringskontoret informerer bedrifta om bruk PPT.</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring
6	<p>Om lærlingen ikkje ønskjer at saka skal bli tatt opp med lærebedrifta eller trekker klagen, bør ein likevel følgje opp lærlingen etter ei til to veker. Får han/ho hjelp frå til dømes psykolog? Har han/ho eit nettverk rundt seg? Tilbod om bistand frå PPT.</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring
7	<p>Fagopplæringskontoret følgjer opp lærlingen og lærebedrifta seinast etter ein månad og etterspør etter tiltak/forbetringar (her gjeld også helseoppfølging av eventuelt bedriftshelseteneste).</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring

	<p>Dersom situasjonen ikkje har forbetra seg/er avslutta vert det sendt melding til lærebedrifta med bekymring for lærlingen sitt arbeids- og læremiljø. I meldinga skal det kome fram kva som er pliktene til lærebedrifta.</p> <p>Det vert vidare gjeve tilbod til lærebedrifta om rettleiing frå Fagopplæringskontoret.</p> <p>Den som kjenner seg utsett for trakassering/mobbing, får tilbod om oppfølging av PPT og eventuelt bistand frå mobbeombod eller elev- og lærlingombod.</p>	
9	<p>Om lag ein månad etter avslutta sak: Fagopplæringskontoret kallar inn til evalueringsmøte. PPT og ombod kan delta på møtet. Dersom saka ikkje har løyst seg vert det satt i gong sak som omhandlar godkjenning som lærebedrift (eigen rutine) og lærling får bistand i arbeidet med å finne seg ny lærebedrift.</p>	Læringsmiljøgruppa fagopplæring



Arkivnr: 2018/446-1
Saksbehandlar: Per Willy Mørk Karlsen, Stig Aasland,

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	8/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Tilbudsstruktur vidaregåande opplæring for vaksne 2018/2019**Samandrag**

Denne saka gjer greie for framlegget til det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne for skuleåret 2018 – 2019.

Det kan eventuelt verta aktuelt å fremma ei sak om justert opplæringstilbod i juni. Ein vil då i større grad ha fanga opp etterspurnaden etter opplæring ut over våren etter at tilboda for hausten 2018 er gjort kjent.

Hordaland har om lag 40.000 vaksne utan fullført vidaregåande utdanning i aldersgruppa 20 – 49 år. For den einskilde vaksne er relevant fagutdanning kanskje den beste garantien for å ha jobb og utvikla seg i denne. For verksemder i privat og offentleg sektor er tilgang på faglært relevant kompetanse sentral for å få positiv utvikling over tid. Hordaland har soleis eit grunnleggjande behov for eit breitt vidaregåande opplæringstilbod for vaksne.

Retten til vidaregåande opplæring vart frå 01.08.2017 utvida til å gje vaksne med vidaregåande utdanning frå utlandet, som ikkje får godkjent denne som yrkeskompetanse eller studiekompetanse i Noreg, rett til vidaregåande utdanning, jf opplæringslova § 4A-3. Pågangen frå innvandrarar er allereie stor. Utvida vaksenrett vil ytterlegare auka etterspurnaden frå denne målgruppa. Større søknad frå innvandrarar går saman med ein generell trend der fleire vaksne utan relevant yrkeserfaring eller utdanning no etterspør vidaregåande opplæring. Dette vil medføre auka opplæringskostnader samanlikna med hovudtyngda av tidlegare opplæringstilbod, der deltakarane hadde større realkompetanse med seg inn i opplæringa.

Fylkeskommunen sitt samla opplæringstilbod for vaksne vert utforma på bakgrunn av den etterspurnaden vaksenopplæringsssentra mottar frå vaksne og frå verksemder og institusjonar i privat og offentleg sektor i sine regionar. Verksemdene er også sentrale som motivatorar for vaksne til å koma i gang med opplæring og leggja forholda til rette for å få gjennomført denne.

Vaksenopplæringa har vidareført tilbodet til praksiskandidatar som ein del av opplæringstilbodet til vaksne. Tilbodet til praksiskandidatar er etterspurt av vaksne og verksemder og er utvikla til eit kvalitativt godt opplæringstilbod. For fylkeskommunen dannar desse opplæringstilboda ein rask veg mellom melde behov for kompetanse og vår evne til å levera denne. Dette er dertil ei svært kosteffektiv opplæring. Generelt sett vil vaksne gjerne søka utdanning i fag som har gode jobbutsikter. Vaksenopplæringa kan dermed i høveleg grad tilordna dimensjonering av dei yrkesfaglege tilboda.

Økonomi: Det vidaregåande tilbodet for skuleåret 2018 – 2019 med start haust 2018, har eit antatt timebudsjett på om lag kr 18,3 mill av eit samla driftsbudsjett for 2018 på om lag kr 63,4 mill.

Klima: Ingen dokumentert effekt ut over sammenhengen: Relevant kompetanse, optimal utvikling og produksjon, bedre miljø.

Folkehelse: Ingen dokumentert effekt ut over dette at den enkelte voksne får en ny sjans til vidaregåande utdanning.

Regional planstrategi: Fylkeskommunens 5 vaksenopplæringsssentra har brei kontakt med verksemdar og institusjonar i privat og offentleg sektor i Hordaland. Sentra inngår i ulike opplærings samarbeid med verksemdene med tanke på å gje den enkelte voksne fagbrev, og i sin tur gje verksemda tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Vaksne innvandrarar / flyktningar søker yrkeskompetanse eller studiekompetanse for å skaffa seg eit levebrød eller eit grunnlag for vidare studie på høgskule og universitet. Sjølv skulegangen i vaksenopplæringa spelar ei sentral rolle i arbeidet for integrering i det norske samfunnet, og har soleis ein eigenverdi i tillegg til måla om relevant kvalifisert arbeidskraft.

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til følgjande forslag til vidaregåande opplæringstilbod for vaksne skuleåret 2018-2019:

Framlegg til vidaregåande opplæringstilbod / grupper for vaksne skuleåret 2018 - 2019

1. Tilbodet ved vaksenopplæringsssenteret Bergen Katedralskole

Vaksenopplæringsssenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse – 11 grupper	Vg1 – Vg3	Skule
Bergen katedralskole / Knarvik vgs	ST	Fag for studiekompetanse	Vg3	Skule

2. Tilbodet ved vaksenopplæringsssenteret Åsane vidaregåande skole

Vaksenopplæringsssenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Åsane vidaregåande skule	BA	Bygg -og anleggsteknikk	Vg1	Skule
Åsane vidaregåande skule	BA	Renholdsoperatørfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Helse - og oppvekstfag - 2 grupper	Vg1	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag - 2 grupper	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag - 2 grupper	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Helseservicefag - 2 grupper	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsesekretær	Vg3	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Tannhelsesekretær	Vg3	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne - og ungdomsarbeiderfag	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget - 2 grupper	Vg2/Vg3	VOPA
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag	Vg2/Vg3	VOPA
Åsane vidaregåande skule	SS	Logistikkfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	SS	Kontor-salgs-sikkerhetsfaget - 2 grupper	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag Gruppe for fleire y-fag	Vg1	Skule

Åsane vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag Gruppe for fleire y-fag	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule / Fusa vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule / Fusa vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule /Knarvik vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule / Stend vgs	NA	Landbruk og gartnarnæring	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule / Stend vgs	NA	Landbruk	Vg3	Skule

3. Tilbodet ved vaksenopplæringscenteret Voss gymnas

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Voss gymnas	ST	Engelsk, naturfag, samf.fag, histore	Vg1 – Vg3	Skule
Voss gymnas / Odda vgs	TP	Kjemiprosess	Vg3	PK
Voss gymnas / Odda vgs	ST	Engelsk	Vg3	Skule
Voss gymnas / Voss vgs	NA	Landbruk og gartnarnæring	Vg2	Skule
Voss gymnas / Voss vgs	NA	Gartnarnæring	Vg3	Skule

4. Tilbodet ved vaksenopplæringscenteret Sotra vidaregåande skule

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Sotra vidaregåande skule	SS	Logistikkfaget	Vg 3	PK
Sotra vidaregåande skule	ST	Historie, samffag, engelsk, naturfag	Vg 3	Skule
Sotra vidaregåande skule	HO	Helsearbeidarfag min.språkl.	Vg2	Skule
Sotra vidaregåande skule	HO	Helse- og oppvekstfag.	Vg1	Skule
Sotra vidaregåande skule	BA	Bygg- og anlegg.	Vg1	Skule

5. Tilbodet ved vaksenopplæringscenteret Stord vidaregåande skule

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Stord vidaregåande skule / Bømlo vgs	RM	Sjømatproduksjon	Vg3	PK
Stord vidaregåande skule	NA	Akvakulturfaget	Vg3	PK
Stord vidaregåande skule / Fitjar vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfaget	Vg1/Vg2	Skule / PK
Stord vidaregåande skule	HO	Helsearbeidarfaget	Vg2	Skule / PK
Stord vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag	Vg2	Skule
Stord vidaregåande skule	ST	norsk/naturfag/ engelsk/samfunnsfag	vg3	skule
Stord vidaregåande skule	ST	norsk/eng/samfunnsfag	vg3	skule
Stord vidaregåande skule	HO	Helsefagarbeidarfaget	Vg3	VOPA

Note alle tabellane *. Nemninga «Skule» viser til opplærings

tilbod som følger evalueringsordninga for elevar / deltakarar i vidaregåande opplæring. Nemninga «PK» viser til opplæringsstilbod som

vert evaluert ved eksamensordninga for praksiskandidatar og lærlingar med full opplæring i bedrift. Nemninga «VOPA» viser til utviklingstiltaket Fagbrev på jobb, i regi av Utdanningsdirektoratet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.01.2018

Denne saka gjer greie for framlegget til vidaregåande opplæringstilbod for vaksne for skuleåret 2018 – 2019 med inntak hausten 2018.

Det aktuelle tilbodet må så langt praktisk råd tilpassast søknadene og dermed den faktiske etterspurnaden etter opplæring slik denne vil koma fram i løpet av våren. Normalt tek søknadene etter opplæring seg kraftig opp etter at tilbodet for hausten vert gjort kjent. Det kan soleis vera aktuelt å koma attende med ei justeringssak i juni 2018.

1. Hovudtrekk i organisering av vidaregåande opplæring for vaksne

1.1 Vaksne sin rett til vidaregåande opplæring

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom ein ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje vert godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf opplæringslova §4A-3. Den sistnemnde målgruppa vart innlemma i vaksenretten 01.08.17, og kan de facto koma til å bety at «alle» vaksne med vidaregåande skulegang frå utlandet får vaksenrett. Dette vil klart auke søknaden inn mot vaksenopplæringa.

Yngre vaksne med ungdomsrett kan søka om å få gjennomført opplæringa som vaksenopplæring, jf opplæringslova §3-1. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf opplæringslova §13-3.

1.2 Senterstrukturen i Hordaland

Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune er tufta på fem vaksenopplæringscenter, organisert som avdelingar ved respektive vidaregåande skular, jf fylkestinget sak 45/2015.

Vaksenopplæringscenter	Region
Vo-senter ved Åsane videregående skole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Bergen katedralskole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Sotra videregående skole	Vest
Vo-senter ved Voss gymnas	Voss og Hardanger
Vo-senter ved Stord vidaregåande skule	Sunnhordland

Vaksenopplæringscenteret ved Voss Gymnas var siste etablerte senter og starta opp i august 2017. Sotra vidaregåande skule lyste ut siste stilling i januar 2018. Alle sentra er dermed i full aktivitet.

1.3 Eit omfattande inntak

Søknad til vidaregåande opplæring frå vaksne går direkte til vaksenopplæringscentera som handsamar søknadene og står for heile inntaket. Inntaket av vaksne vert følgt av eit relativt detaljert regelverk som gjev søkar klagerett gjennom enkeltvedtak, jf f § 6-47. Enkeltvedtaket omfattar:

- a) Om søker har vaksenrett
- b) Kva sluttkompetanse den vaksne får tilbod om. Vaksne har normalt rett på den sluttkompetansen dei ønskjer, jf forskrift § 6-45, § 6-47
- c) Resultatet av realkompetansevurderinga, dvs vurderinga av den kompetansen den vaksne har med seg inn i opplæringa
- d) Det opplæringstilbodet den vaksne får tilbod om

Inntaket av vaksne til vidaregåande opplæring er soleis ein heller ressurs- og tidkrevjande prosess.



1.4 Eit hovudinntak og eit supplerande inntak

Vaksne skal kunne søka opplæring uavhengig av fristane som gjeld for ungdom. Fylkeskommunen skal gje tilbod innan rimeleg tid. Ein har ikkje høve til å operera med ventelister, jf forskrift § 6-47, UDIR 2-2008. I praksis har fylkeskommunen løyst dette ved å ha eit hovudinntak på hausten og eit supplerande inntak i januar. Hordaland fylkeskommune nyttar vidare «administrative søknadsfristar» til kvart inntak for å få til ei, for alle partar, forsvarleg sakshandsaming av søknadene.

Opplæringstilboda i det supplerande inntaket, januar 2018

Vaksenopplæringscenter	Utdannings-program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *	Tal deltakarar
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse - <u>5 grupper</u>	Vg1 - Vg3	Skule	130
Åsane vidaregåande skole	BA	Tømrerfaget	Vg3	PK	18
Voss gymnas	HO	Helse- og oppvekst	Vg1	Skule	20
Sotra vidaregåande skule	SS	Salsfaget	Vg 3	PK	18
Sotra vidaregåande skule	BA	Renholdsoperatørfaget	Vg 3	PK	20
Sotra vidaregåande skule	RM	Sjømatproduksjon	Vg 3	PK	19
Stord vidaregåande skule	NA	Akvakulturfaget	Vg3	PK	27
Stord vidaregåande skule	BA	Renholdoperatørfaget	Vg3	PK	20
Stord vidaregåande skule	SS	Logistikkfaget	Vg3	PK	15
TOTALT					287

Note *. Nemninga «Skule» viser til opplæringstilbod som følger evalueringsordninga for elevar / deltakarar i vidaregåande opplæring. Nemninga «PK» viser til opplæringstilbod som vert evaluert ved eksamensordninga for praksiskandidatar og lærlingar full opplæring i bedrift.

Delen vaksne med vaksenrett i januar-inntaket er om lag 88 %.

Vaksenopplæringa prøver i dette inntaket ut ein spleiselagsmodell i opplæringstilbodet for praksiskandidatar i akvakulturfaget på vaksenopplæringscenteret ved Stord vidaregåande skule, der verksemdene dekkjer kostnadene for respektive deltakarar utan vaksenrett. Bakgrunnen for denne utprøvinga er det gjennomgåande forholdet at mange vaksne jobbar som ufaglærte, men har gjerne ei utdatert vidaregåande utdanning eller feil utdanning i forhold til jobben. Desse er utan vaksenrett og dermed utan finansiering og/eller tilbod for ny vidaregåande opplæring. Verksemdene møter frå sin ståstad eit offentleg tilbod av høg kvalitet i eigen region. Det er eit klart ønske frå verksemdene om å nytta tilbodet for fleire tilsette. For

opplæringstilbodet vil erfaringsvis fleire deltakarar frå dei ulike verksemdene styrka den faglege breidda og læringsmiljøet i heile tiltaket, jf kap 2.3, s 6.

2. Hovudtrekk ved det vidaregåande opplæringstilbodet for vaksne

2.1 Tett samarbeid med verksemdar i privat og offentleg sektor

Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune har lagt vekt på å etablere eit nært samarbeid med verksemdar i privat og offentleg sektor. Vaksenopplæringsssentra har gjennom ulike prosjekt samarbeidd tett med kommunane i opplæring av ufaglærte tilsette innanfor helse- og oppvekstfaga. Fagbrev på jobb-prosjektet, det såkalla VOPA, er kanskje det mest kjende dømet på slikt samarbeid. I privat sektor er opplæringa av ufaglærte innan havbruksnæringa det beste dømet på eit dynamisk samarbeid mellom vaksenopplæringsssenter, verksemd og den einskilde vaksne. Både helse- og oppvekstfaga og den for Hordaland sentrale havbruks- og sjømatsektoren, har hatt liten rekruttering frå unge, og har henta faglært arbeidskraft frå vaksne. I så måte er vaksenopplæringa medveten si rolle som leverandør av faglært arbeidskraft / rett kompetanse til arbeidslivet og dermed som bidragsytar til regional utvikling i Hordaland.

2.2 Arbeidsgjevar sentral som motivator og tilretteleggar

Samarbeidet med verksemdene er naudsynt også for å motivere dei vaksne til å koma i gang med vidaregåande opplæring, leggja til rette på arbeidsplassen for å styrka gjennomføringa av opplæringa, og i nokon grad bidra med lærarkrefter inn i opplæringa, enten for å styrka breidda og dei praksisnære elementa i denne, eller fordi etterspurt fagkompetanse ikkje lenger finst i skulen.

Vaksenopplæringsssentra drar i sin tur direkte nytte av desse nettverka i arbeidet med å finna praksisplassar til opplæringstilboda til vaksne som ikkje har relevant fagkompetanse, og som følgjer eit skulebasert opplegg.

2.3 Opplæringstilbod til praksiskandidatar som del av det vidaregåande tilbodet

Mange av dei yrkesfaglege opplæringstilboda er tilbod for ufaglærte som går praksiskandidatvegen fram til fagbrev. Denne gruppa får godkjent lang yrkespraksis og dokumenterer sin kompetanse gjennom ein yrkesfagleg teorieksamen og fagprøva. I høve til teorikravet vert dei rekna som privatistar og er dermed i utgangspunktet definert ut av vidaregåande opplæring. Når vaksenopplæringa like fullt vel å halde tilbodet til praksiskandidatar som ein del av det vidaregåande tilbodet, er det dels fordi søkerane og verksemdene med dei etterspør tilbodet, og dels fordi ordninga gjev grunnlaget for eit kvalitativt godt opplæringstilbod som utgjer den fremste rekrutteringskanalen for å få yrkesaktive vaksne inn i vidaregåande opplæring. For fylkeskommunen er tilbodet ei svært kosteffektiv opplæringsløyse samanlikna med eit alternativt skulebasert yrkesfagleg opplæringstilbod for vaksne.

2.4 Nye søkarar treng meir opplæring

Vaksenopplæringsssentra har over fleire år registrert auke i talet på vaksne som søker vidaregåande utdanning utan å vera knytt til ei verksemd og utan å ha relevant yrkeserfaring og / eller tidlegare vidaregåande utdanning som er relevant for ønska yrkesfag eller studieførebuande fag. Det er naturleg at denne gruppa treng noko meir «modningstid» før ein bestemmer seg for å søka.

Talet på undervisningstimar i desse tilboda vert monaleg høgare enn det som har vore timebehovet i tidlegare tilbod. Frå ein økonomisk synsstad må ein soleis vera budd på at desse tilboda vert ein vesentleg drivar i auka opplæringskostnader.

3. Framlegget til opplæringstilbod

3.1 Utforming av opplæringstilbodet

Tal frå SSB viser at det over ein 5 års periode er ein moderat auke i talet på vaksne i Hordaland utan fullført vidaregåande opplæring. For 2016 finn ein om lag 40.000 utan fullført vidaregåande i alderen 20 – 49 år. Ein kan soleis slå fast at det objektive behovet for opplæring er relativt stort.

Det samla framlegget til opplæringstilbod i vaksenopplæringa vert utforma ved at:

- Vaksenopplæringsentra utformar framlegg til opplæringstilbod basert på søknader som kjem kontinuerleg til sentra og den løpande kontakten sentra har med brukarane. Kontaktflata med brukarane er relativt stor. I 2016 talde sentra om lag 29.000 løpande kontaktar om vidaregåande opplæring. Av desse utgjorde verksemder og institusjonar i privat og offentleg sektor om lag 3.950 kontaktar, eller 13% av det samla kontaktvolumet.
- Framlegga frå vaksenopplæringsentra vert koordinert med tanke på å gje eit best mogeleg samla opplæringstilbod i fylket som svarar på etterspurnaden, unngå dubleringar i små fag mv. Det er naturleg at vaksne innanfor yrkesfag i stor grad etterspør opplæring som gjev formell fagutdanning knytt til jobben dei har som ufaglærte. Vaksne vil elles i val av ny yrkesutdanning normalt vera orientert mot arbeidsmarknaden og høve til å få jobb. Vaksenopplæringa er soleis eigna for eit samla tilbod med naudsynnte element av dimensjonering. God informasjon frå vaksenopplæringa bidreg til å strømma søknadane inn mot det oppsette opplæringstilbodet.

3.2 Søkarstatus pr januar 2018

Vaksenopplæringa har relativt mange minoritetsspråklege søkarar som ofte kan ha for svak norsk til å kunne følgja opplæringa. I inntaket vert norsknivået kartlagt gjennom ein innplasseringstest (Migranorsk). Resultata frå testen vert vurdert saman med søkar i den påfølgjande studierettleiingssamtalen. Dei fleste søkarane vel å utsetta skulestart når norsknivået er for svakt. Talet på søkarar i fleire fag, til dømes helse- og oppvekstfaga, kan dermed framstå noko høgare enn det «reelle» søkartalet til opplæringstilboda. Ein gjer her merksam på at språktesten berre er eit hjelpemiddel i inntaket, og ikkje ein «passeringstest» naudsynt for å starta opplæringa.

Førebels, viser søkargrunnlaget at om lag 50 % av søkarane har vaksenrett.

Vaksenopplæringsentra har etter måten god kontakt med respektive kommunar som ansvarlege for opplæringa av vaksne minoritetsspråklege i introduksjonsprogrammet og grunnskulen. Samarbeidet mellom forvaltningsnivåa på dette området har mykje ugjort, men er i eit positivt spor.

Dei to by-sentra har naturleg nok største utfordringane, ettersom Bergen kommune har størst tilflytting og busett flest minoritetsspråklege. Søkartala til hausten frå minoritetsspråklege gjennom Nygård og introduksjonssenteret er under utgreiing og vil truleg kunne vurderast i ei eventuell justert klassesak i juni 2018. Ved «suppleringsinntaket» i januar 2018 tok vaksenopplæringsenteret ved Bergen katedralskole inn om lag 50 søkarar frå introduksjonssenteret som etterspurte norsk og engelsk på vidaregåande nivå.

3.3 Opplæringstilbodet 2018 – 2019

Framlegg til vidaregåande opplæringstilbod / grupper for vaksne skuleåret 2018 – 2019

1. Vaksenopplæringsstert Bergen Katedralskole

Vaksenopplæringsstert / utførande skule	Utdannings-program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse – 11 grupper	Vg1 – Vg3	Skule
Bergen katedralskole / Knarvik vgs	ST	Fag for studiekompetanse	Vg3	Skule

2. Vaksenopplæringsstertet Åsane vidaregåande skole

Vaksenopplæringsstert / utførande skule	Utdannings-program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Åsane vidaregåande skule	BA	Bygg -og anleggsteknikk	Vg1	Skule
Åsane vidaregåande skule	BA	Renholdsoperatørfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Helse - og oppvekstfag - 2 grupper	Vg1	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag - 2 grupper	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag - 2 grupper	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Helseservicefag - 2 grupper	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsesekretær	Vg3	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Tannhelsesekretær	Vg3	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne - og ungdomsarbeiderfag	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget - 2 grupper	Vg2/Vg3	VOPA
Åsane vidaregåande skule	HO	Helsearbeiderfag	Vg2/Vg3	VOPA
Åsane vidaregåande skule	SS	Logistikkfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	SS	Kontor-salgs-sikkerhetsfaget - 2 grupper	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag Gruppe for fleire y-fag	Vg1	Skule
Åsane vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag Gruppe for fleire y-fag	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule / Fusa vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeiderfaget	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule / Fusa vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule /Knarvik vgs	HO	Helsearbeiderfag	Vg3	PK
Åsane vidaregåande skule / Stend vgs	NA	Landbruk og gartnamæring	Vg2	Skule
Åsane vidaregåande skule / Stend vgs	NA	Landbruk	Vg3	Skule

3. Vaksenopplæringscenteret Voss gymnas

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Voss gymnas	ST	Engelsk, naturfag, samf.fag, histore	Vg1 – Vg3	Skule
Voss gymnas / Odda vgs	TP	Kjemiprosess	Vg3	PK
Voss gymnas / Odda vgs	ST	Engelsk	Vg3	Skule
Voss gymnas / Voss vgs	NA	Landbruk og gartnærning	Vg2	Skule
Voss gymnas / Voss vgs	NA	Gartnærning	Vg3	Skule

4. Vaksenopplæringscenteret Sotra vidaregåande skule

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Sotra vidaregåande skule	SS	Logistikkfaget	Vg 3	PK
Sotra vidaregåande skule	ST	Historie, samfag, engelsk, naturfag	Vg 3	Skule
Sotra vidaregåande skule	HO	Helsearbeidarfag min.språkl.	Vg2	Skule
Sotra vidaregåande skule	HO	Helse- og oppveksfag.	Vg1	Skule
Sotra vidaregåande skule	BA	Bygg- og anlegg.	Vg1	Skule

5. Vaksenopplæringscenteret Stord vidaregåande skule

Vaksenopplæringscenter / utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe *
Stord vidaregåande skule/Bømlo vgs.	RM	Sjømatproduksjon	Vg3	PK
Stord vidaregåande skule	NA	Akvakulturfaget	Vg3	PK
Stord vidaregåande skule /Fitjar vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfaget	Vg1/Vg2	Skule/PK
Stord vidaregåande skule	HO	Helsearbeidarfaget	Vg2	Skule/PK
Stord vidaregåande skule	YF fellesfag	Fellesfag yrkesfag	Vg2	Skule
Stord vidaregåande skule	ST	norsk/naturfag/ engelsk/samfunnsfag	vg3	skule
Stord vidaregåande skule	ST	norsk/eng/samfunnsfag	vg3	skule
Stord vidaregåande skule	HO	Helsefagarbeidarfaget	Vg3	VOPA

Note alle tabellane kap 3.3 *. Nemninga «Skule» viser til opplæringsstilbod som følger evalueringsordninga for elevar / deltakarar i vidaregåande opplæring. Nemninga «PK» viser til opplæringsstilbod som vert evaluert ved eksamensordninga for praksiskandidatar og lærlingar full opplæring i bedrift. Nemninga «VOPA» viser til utviklingstiltaket Fagbrev på jobb, i regi av Utdanningsdirektoratet.



Arkivnr: 2016/6854-7
Saksbehandlar: Nina Ludvigsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	9/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkesutvalet den 03.05.2017:

«Fylkesutvalget ønsker at fylkestinget får framlagt politisk sak som vurderer fremtidige behov for produksjonsskoler»

I denne saka gir fylkesrådmannen ei vurdering av kva behova er i ungdomsgruppa som har slutta i vidaregåande opplæring og kva for ansvar fylkeskommunen har for gruppa. Vurderinga av produksjonsskule som eit alternativt opplæringstilbod vert å sjå i lys av utviklinga og funn frå perioden med NY GIV, seinare Program for betre gjennomføring og målsettingane som Hordaland fylkeskommune har om auka gjennomføring. Utover dette omhandlar saka Riksrevisjonen si undersøking i 2015/16 av oppfølging av unge utanfor opplæring og arbeid, fylkeskommunen sitt ansvar for gruppa.

I saka vert det vist til kva erfaringar Hordaland fylkeskommune har gjort med gjennomføring og resultat frå Hyssingen produksjonsskule sidan 2015. Fylkesrådmannen vurderer produksjonsskule som ein alternativ opplæringsmodell og eit tilbakeførnde tilbod som sørgjer for fylkeskommunen sitt ansvar for store delar av gruppa ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.

Økonomi: Økonomiske utrekningar og kostnader med produksjonsskule vert omtalt i sak om vurdering av produksjonsskule på Hjeltnes

Klima: Produksjonsskule skal som eit fylkeskommunalt tilbod ivareta klima og miljø

Folkehelse: Saka viser at produksjonsskule som alternativt og tilbakeførnde tilbod har stor verknad i eit folkehelseperspektiv, både for den einskilde ungdom og for samfunnet

Regional planstrategi: Saka er relevant for Utviklingsplan for Hordaland - Regional planstrategi 2016-20

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.01.2018

Innleiing

Hordaland fylkeskommune har som siktemål å sikre rask tilbakeføring til skule eller anna opplæring når elevar fell frå tilbod i vidaregåande opplæring, eller ikkje tek til i opplæring/arbeid etter avslutta grunnskule.

Svak gjennomføring i vidaregåande opplæring er eit nasjonalt fenomen. Det har særleg dei fem siste åra vore gjort mykje for å sikre eit kunnskapsgrunnlag for å setje i verk tiltak for å auke gjennomføringa. Prosjektet Ny GIV tok utgangspunkt i elevar med svakt fagleg grunnlag frå ungdomsskulen, og over heile landet har det vore prøvd ut tiltak som har vore meir eller mindre treffsikre. Etter Ny GIV har Program for betre gjennomføring fokusert på å få gode tiltak inn i vanleg drift.

I samsvar med den nasjonale satsinga for å styrke gjennomstrøyminga i vidaregåande opplæring (St. meld. nr. 44 (2008-2009)), har Hordaland fylkeskommune **auka læringsutbyte og fullføring** som overordna mål for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Målsettinga er nedfelt i overordna planar og vidareført inn i verksemdsplanar ved den enkelte skule. I Hordaland fylkeskommune er det ei prioritert oppgåve å sikre høge gjennomføringstal i vidaregåande opplæring.

Eit sentralt spørsmål er kva som skal til for å lukkast med å få ungdom som har hatt dårlege opplevingar i skule, tilbake på utdanningssporet etter avbroten skulegang. Konseptet «meir av det same» betrar ikkje motivasjonen for eit nytt forsøk.

Ungdomsgruppa som ikkje er i opplæring eller arbeid, er samansett, og tiltaka vert derfor ulikt innretta med utgangspunkt i behova til dei unge. Tiltaka skal og representere eit alternativ til ordinær opplæring, fordi fråfall ofte skuldast manglande oppleving av meistring, svake grunnleggjande ferdigheiter og ei manglande kjensle av tilhørslse hos dei unge.

Kva er ein produksjonsskule

Produksjonsskular er eit nytt tiltak i Noreg gjennom forsøket med Hyssingen produksjonsskule, der opplæringa ikkje er knytt til tradisjonelle undervisningsformer, men er fundert på relasjonsretta danning- og læringsarbeid i verkstadsamanheng. Tilbodet hentar inspirasjon frå den danske modellen *produksjonsskule*. I Danmark er ordninga lovfesta, og det finst 82 produksjonsskular med stor variasjon i det faglege tilbodet. Felles kjenneteikn er likevel at tilbodet byggjer på produksjonstanken, og produktutvikling og tenesteyting skjer i samspel med miljø utanfor.

Eit sentralt element er omgrepet *danning gjennom arbeid og produksjon*. Ideen er at rytmen i autentisk, produktivt arbeid har ein motiverande og disiplinerande funksjon for ungdom som har hatt for usikre rammer rundt seg, eller som på anna vis har opplevd at tradisjonell skulegang har passa dårleg.

Fylkeskommunane sitt ansvar for ungdom som er utanfor opplæring og arbeid

Utover ansvar for elevar og lærlingar har fylkeskommunen ansvar for all ungdom mellom 16 og 21 år som

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt opplæringsretten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova § 3-8 eller
- e) som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt i samsvar med opplæringslova § 4-6

Dette ansvaret er lovfesta i opplæringslova kapittel 13, opplæringslova § 3-6 og forskrift til opplæringslova kapittel 13. Fylkeskommunen organiserer ansvaret gjennom oppfølgingstenesta (OT).


Føremålet er å sørje for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Omtale av målgruppa for ein produksjonsskule

Kven som er aktuelle deltakarar i ein produksjonsskule, heng saman med fleire faktorar. Gruppa er samansett og inkluderer elevar som har avbrote opplæringa, har gjennomført løp på lågare kompetansenivå, lærekandidatar, elevar i arbeidstrening, elevar med alternative opplæringsplanar eller elevar som ikkje har bestått eitt eller fleire fag eller fagprøva. Gruppa består og av ungdom som ikkje har kome i gang med vidaregåande opplæring etter ungdomsskulen. Den felles faktoren er likevel motivasjon og interesse, og i kva grad helsa tilseier at dei er klar.

Tabellen under viser talet på sluttarar i Hordaland fylkeskommune dei tre siste åra. Det er i kategoriane det er vist til her, som «anna årsak», «personlege årsaker», «stort fråvær», «feilval» og «skulelei/motivasjon» at vi finn sluttarar som får tilbod om bistand gjennom OT.

Sluttårsak	2014/15	2015/16	2016/17
Anna årsak/ikkje oppditt	100	120	177
Personlege årsaker	160	161	212
Stort fråvær	170	127	158
Feilval	77	66	72
Skulelei/motivasjon	53	29	43
Begynt på annan skule	25	17	27
Flytta	26	17	11
Ikkje møtt	1	2	6
Bytta kurs på same skule	2	2	5
Slutta, skal begynne i lære	4	2	8
Fagvanskar	2	0	1
Lang reiseveg	1	0	1
Totalt	621	543	721



Over: Tal sluttarar siste tre skuleår.
Hjernen og Hjertet

Tilboda til ungdom utanfor opplæring og arbeid

Tilboda som OT rår over eller samarbeider om med NAV, er innretta etter dei ulike behova i målgruppa. For nokre ungdommar må ein tenkje at det er grunnleggande viktig berre å få dei ut av heimen, sjølv om det berre er for nokre timar på dagen, for så å kome vidare med motivasjon til å meistre andre tilbod. Andre ungdommar kan gå rett inn i eit praksisretta tilbod eller skule, og andre treng berre hjelp på vegen til å velje og kome i gang på nytt.


Målgruppa for Oppfølgingstenesta (OT) utgjorde 1596 ungdomar pr. 15.11.2017. Desse var fordelt på fire kategoriar:

1	OT arbeider med å oppnå kontakt med ungdomen	319
2	Ungdomen har individuelle samtaler/blir kartlagt for å kome i aktivitet	340
3	Ungdomen har kome i aktivitet eller tiltak	662
4	Ungdomen er avklart, Dvs. at OT har kontakt og bistår, men annan instans har hovudansvaret.	275
	SUM	1596

Dei 662 ungdomane som var i kome i aktivitet pr. 15.11.2017 var fordelt på følgjande aktivitetar:

Opplæring og arbeidspraksis i regi av fylkeskommunen	59
Arbeidspraksis/praksisplass i regi av NAV	289
Kombinasjonstiltak - fylkeskommunen og NAV	17
Fått ordinært arbeid	74
Elev i fylkeskommunal vidaregåande skule	178
Elev i privat vidaregåande skole	16
Lærling/lærekandidat/praksisbrevkandidat	29
SUM	662

Figuren under viser dei ulike tilboda i ei tiltakstrapp som startar med samtalar og relasjonsbygging med dei som ein må jobbe tettast med før dei kan kome vidare til andre tilbod. Målet er å bidra til at kvar ungdom til slutt skal ha ein kompetanse både sosialt og fagleg, gjennom utdanning eller arbeid, til å kunne meistre liva sine.



Kort omtale av dei enkelte tilboda i tiltakstrappa

#Gameplan

Sidan 2014 har OT drive eit gruppebasert lågterskeltilbod som fangar opp og får i gang ungdom som ikkje er heilt klar til å gå inn i meir praksis- eller skuleretta tiltak. Kvar gruppe varer i fire veker og vert leia av OT-medarbeidarar med særleg kompetanse på coaching og rettleiing. Samstundes fungerer tiltaket som ei grundigare kartlegging av motivasjon og vidare løp for ungdomen.

Studiesenter	OT har med hjelp av fråfallsmidlar i fleire år hatt ein avtale med Årstad vidaregåande skole om å gi opplæring til dei som er i OT si målgruppe og som ønskjer å oppnå standpunktkarakter i fellesfag som dei manglar. Dei kan og ta enkeltfag som ledd i motivasjon til å returnere til skulen og fullføre løpet der. Dette tilbodet kan kombinerast med andre praksisretta aktivitetar.
Aktiv ungdom	Aktiv Ungdom er eit samarbeid med Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Gjennom Europeisk volontørtjeneste (EVS) kan ungdom få tilbod om å jobbe friviljug i ikkje-kommersielle prosjekt i Europa i opp til 12 månader. Til vanleg er det ungdom i skule som får tilrettelagt denne type tilbod. No får ungdom som står utanfor skule og arbeid høve til å ha ein aktivitet i eit anna land og gjennom dette vekse og bli motivert for vidare opplæring.
Korte kompetanse-givande kurs	Dette er korte kurs som oppfølgingstenesta kan kjøpe frå kursarrangørar eller bedrifter og som fører fram til at ungdomen får prøve seg i ei bedrift eller kan gjere han/henne motivert for eit fagområde. Føresetnaden er at det er oppretta kontakt med ei bestemt bedrift som vil samarbeide om eit opplegg. Tiltaket er retta mot ungdom under 19 år som etter NAV sine retningslinjer ikkje har rett til arbeidsmarknadskurs på grunn av alder.
Hyssingen Produksjonsskole	I 2015 etablerte Hordaland fylkeskommune Hyssingen produksjonsskole som eit forsøk. Hyssingen arbeider for at ungdom i bergensområdet som ikkje har funne ein trygg og meningsfull plass innanfor det ordinære opplæringstilbodet eller i arbeidsmarknaden, skal finne ein arena der dei opplever samspel, positiv sjølvkjensle, eigenverd og meistring knytt til opplæring og eige liv.
NAV Ungdomsmottaket	Tilbodet vert drive av NAV i samspel med OT og er eit gruppetilbod i Bergen med kartleggingsaktivitetar som skal føre til praksisplass eller læreplass. NAV nyttar ein jobbspesialist som samarbeider med bedrifter om utprøving og plassering. Det kan vere om lag 15 ungdomar i Ungdomsmottaket til ei kvar tid.
NAV Arbeidspraksis	Gjennom samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunen og NAV forpliktar dei lokale NAV-kontora seg til å få ungdom ut i praksisplassar.

Når det gjeld tiltaka er det ein tendens til at ungdom som bur i bynære strøk har betre tilgang på ulike tilbod.

Riksrevisjonen si undersøking og forventning av oppfølging av unge utanfor opplæring og arbeid

Det er ulikt korleis tilboda over er retta inn mot kompetansemål eller mål i læreplanen. Riksrevisjonen gjorde i 2015/16 ei undersøking av oppfølging av unge utanfor opplæring og arbeid. Denne viste mellom anna at det var eit fåtal av ungdomane som var i tiltak som inkluderte læreplanmål. Det følgjer av forskrift til opplæringslova at sluttarar som er i OT si målgruppe, skal få eit tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Nasjonalt viser Riksrevisjonen at i løpet av dei siste åra har fylkeskommunale tiltak for målgruppa utgjort 5% av alle tiltak. Riksrevisjonen vurderer det som uheldig at fylkeskommunane som har ansvaret både for den vidaregåande opplæringa og for oppfølgingstenesta, ikkje gjer nok for å ha eigne tilbod til fleire ungdomar. Riksrevisjonen legg vekt på at å inkludere læreplanmål i tiltaka kan vere eit steg på vegen til å gjennomføre vidaregåande opplæring, med generell studie-/yrkeskompetanse eller med delkompetanse som mål.

Produksjonsskule – ei alternativ tilnærming - kva kan produksjonsskulen bidra med i forhold til andre tilbod

Målet med at tilboda skal rettast inn mot kompetansemål eller mål i læreplanen, er etter Riksrevisjonen si undersøking tatt inn i dei fylkeskommunale tiltaka, og i størst grad i Hyssingen produksjonsskule.

Ungdomen skal i hovudsak delta i praktisk produksjon og kome i gang med nokre av kompetansemåla i eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Ho/han kan difor gå ut med dokumentasjon på oppnådd fagkompetanse, og kan få godskrive læreplanmål eller avkorta opplæringstid i ei yrkesfagleg utdanning. Vidare kan dei kombinere det praktiske med teoriopplæring på eit studiesenter og få dokumentasjon på oppnådd kompetanse i teoretiske fag. Grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving, rekning, digital kompetanse og munnleg framføring er ein naturleg del av læringsteorien. Tverrfaglege tema frå læreplanen, overordna delverdier og prinsipp skal gå som ein raud tråd gjennom all aktivitet.

Mange unge strevar med å fullføre vidaregåande opplæring trass i gode føresetnader for å lære, og mange slit med psykiske helseutfordringar. Det vert difor viktig å vere tydeleg på korleis produksjonsskulen kan leggje til rette, kva tid og korleis ein må få hjelp frå helsetenestene. Psykisk helse omfattar spekteret frå plager til sjukdom, og den einskilde sine føresetnader for å meistre eigne helseutfordringar varierer. Erfaring tilseier at tilsette på produksjonsskular vil møte ungdommar med utfordringar, og det er difor viktig at ein har kompetanse til å møte ungdom som ikkje meistrar liva sine. Produksjonsskulen er ikkje ein spesialskule og heller ikkje ein behandlingstilsetning. Ei tilnærming som byggjer på fagleg kompetanse, er difor avgjerande for at både ungdom og tilsette kjenner seg trygge i sosial omgang med kvarandre. Dette gjer at ein får ei systemisk tilnærming til målgruppa, både sosialt, relasjonelt og fagleg.

Å bli i stand til å arbeide er det kortsiktige målet for somme, medan andre finn sin vidare utdanningsveg og søker seg tilbake til ordinær opplæring, eller dei går over i læreverksemd eller arbeid. Tal frå Hyssingen produksjonsskule i september 2017 viser at av dei som har fullført etter oppsett plan, har 85 % blitt tilbakeført til skule eller til arbeid. Mellom 30 og 40 ungdommar er til ei kvar tid knytt til Hyssingen, og opptaket skjer kontinuerleg etter kvart som det vert ledige plassar.

Gjennom reell produksjon legg produksjonsskulen til rette for deltaking i eit sosialt fellesskap der ein skaper produkt i samhandling med andre ungdommar, tilsette og oppdragsgjevarar. I tillegg kan ungdommane kombinere opphaldet med å ta fag på studiesenteret på Årstad vidaregåande skule.

Etter at Kunnskapsdepartementet sende ut høyringsutkast til «Overordnet del av generell læreplan – verdier og prinsipper», er det starta eit grundig arbeid for å vidareutvikle produksjonsskulen i tråd med verdisyn og prinsipp for opplæring som ligg til grunn for den nye generelle læreplanen. Tverrfaglege tema som folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling vert operasjonaliserte.

Dette betyr at det skjer ei systematisk tilnærming til tilbakeføringa til skule eller arbeid, heilt frå kartlegging av ungdommen, til motivasjon og innsøking til tilbodet, til innhaldet i produksjonen og opplæringa, og til ungdommen er over i ny og framtidig aktivitet. Produksjonsskulen framstår som eit tydeleg alternativt opplæringsløp, som samstundes heile tida er innretta mot måla om gjennomføring i den vidaregåande opplæringa.

Det ligg arbeid og ressursar bak tilbakeføring av ungdom til skule eller arbeid. Mykje av arbeidet må ungdomen gjere sjølv, men fylkeskommunen har ei lovfesta oppgåve i å bidra til å oppnå målet om tilbakeføring.

Professor Torberg Falch frå NTNU (2016) har rekna ut at det kostar samfunnet 7,1 millionar per person som hamnar utanfor arbeidslivet i ein alder av 20 år. I eit samfunnsperspektiv vil eit tilbakeføringstilbod som produksjonsskule vere ei samfunnsinvestering når tilbakeføringsprosenten er høg.

PS 10/18 Ymse